# ÅRSMELDING

## for bygdelaget

## „SUNNHORDLENDINGEN"

## 1973



ÅRSMELDING 1973

Det 54. arbeidsåret i Bygdelaget Sunnhordlendingen er gått inn i soga. Eit år med få storhende, men vonleg eit år som kan vera ein ny giv for laget.

Styret heldt fram med dei aktivitetane som alt var igang når det overtok. Dette var først og fremst lagsmøta og fellestilskipingane i Gimle. Lagsmøter blei det få av i vårsemesteret. Dette av ymse grunnar. For det første hadde vi ikkje arbeidskapasitet til å lage så mange lagsmøte som ynskjeleg då tilskipingane i Gimle kravde mye tid og det aktive medlemstalet var sterkt redusert. For det andre er lagsmøta eit underskotsføretak, og i den vanskelege økonomiske situasjon laget var i i byrjinga, fann styret det ikkje forsvarleg å skipa til fleire lagsmøte.

Fellestilskipingane i Gimle tok slutt i 1973. Det var ei avgjer som truleg vil verta ein fordel for laget. Det viste seg at laget var for lite til å dela seg på to aktivitetar. Hadde vi hatt eit aktivt medlemstal på 100 eller meir, kunne dette tiltaket ha bore frukter. For eit lag som Sunnhordlendingen må lagsmøta vera det primære, og går andre aktivitetar ut over desse slik som tilskipingane i Gimle, kan dette ikkje vera av det gode.

Som tidlegare nevnt, har økonomien vore eit stadig tilbakevendande problem for laget i 1973. Forutan inntektene på loppemarknaden, noko som kom vel med, starta laget opp med så å seia tom kasse. Som det vil gå fram av rekneskapen, har økonomien betra seg noko i løpet av året, men ein må framleis gå varsamt fram om laget skal klara seg økonomisk.

Medlemstalet har gått sterkt ned i 1973. Dette av ymse grunnar. Medlemspengane blei på siste årsmøte sette opp frå kr.15,- til kr.25,-, og dette har nok gjort at mange av dei meir eller mindre passive medlemene ikkje har betalt kontingent i år. For det andre har laget gjennomgått eit generasjonsskifte. Mange av dei tidlegare aktive medlemene har gått inn i den hellige ektestand og derfor trekt seg ut or lagsarbeidet.

Medlemene i laget har vært svært villige til å gjera ein innsats i året som har gått. Det har vore ein utstrakt vilje til å hjelpa til med å føre laget videre slik at Sunnhordlendingen også for framtida skal bestå som ein samlingsplass for sunnhordlendingar i Bergen, og deira nære vener.

Vi står framfor eit enten-eller. Vi må laga til aktivitetar som opptar folk slik at vi får dei i tale og får dei som medlemer i laget. Får vi ikkje minst 30 nye medlemer i laget i 1974, kan ein berre leggja saman.

Laget har i 1973 førebudt seg på å ta imot nye medlemer i 1974. Vi har fått ein økonomi som tillet ein større aktivitet i laget. Vi har planlagt kurs og lagsmøter utover våren. Bli difor med å ta eit løft i 1974 slik at vi kan føra Sunnhordlendingen vidare.

K.V.

Styret har vore:

Kåre Vierdal (formann), Kjell Matre (nestformann), Randi Helgesen (kassastyrar), Paul Kåre Gjuvsland (skrivar), Sigmund Myklevoll. Varamann med møteplikt: Hans Heie.

Bygdelaget Sunnhordlendingen er tilslutta desse samskipnadene:

Bygdelagsnemndi i Bergen, Noregs Ungdomslag/Hordaland Ungdomslag, Vestlandske Teaterlag, Teatersentralen, FN-sambandet.

27/2. Årsmøte i Fensal

Møtet vart leia av Willy Mjånes, og omlag 30 medlemer var tilstades. Valet gjekk greitt, valkomiteen hadde gjort godt arbeid og kandidatane dei hadde sett opp vart valde med stort fleirtal. Etter ein del diskusjon vart det vedteke å auka årskontingenten til kr. 25,-. Elles vart det diskusjon om samarbeidet med dei andre laga, og ein del merknader til årsrekneskapet. Det vart vedteke at det nye styret skulle ta avgjerda når det gjaldt samarbeidet med dei andre bygdelaga. Imellom slaga vart det servert kaffi og bollar.

8/3. Felleskveld i Gimle

Sunnhordlendingen hadde ansvaret. Elevar frå Åsane Folkehøgskule tok seg av underhaldninga, og dei laga eit gjevt program. Etterpå var det som vanleg mat, kaffi og dans. Godt frammøte.

10-11/3. Loppemarknad i Fensal

Dei fire samarbeidslaga hadde gått saman om denne loppemarknaden. Mykje godt arbeid vart gjort av mange lemer for å skaffa loppene til rette og for å få det heile til å sviva. Det var stor stemning og godt salg begge dagane, og det kom inn ein god slump pengar som kom såre vel med i slunkne lagskassar. Sigurd Heggelund var marknadsgeneral.

27/3. Lagsmøte i Fensal

Dette møtet markerte avslutninga for leikarringen, og dei som hadde vore med der var særskilt innbedne. Hjalmar Tvedt fekk stemninga opp med å fortelja historie og historier frå Sunnhordland. Etter mat og kaffi gjekk dansen lystig. Kåre Vierdal leia møtet, og omlag 40 hadde møtt fram.

5/4. Fellesmøte i Gimle

Sunnhordlendingen var arrangør og hadde mykje program å by på. Fyrst underheldt ein elev frå Lærarskulen med visesong, både sjølvdikta og lånte viser; deretter las Willy Mjånes dikt, og til slutt synte Kjell Matre film. Stemninga stod i taket då han køyrde filmen baklengs til slutt. Etter mat og kaffi gjekk dansen lystig til god musikk. Heile 94 billettar vart selde, og "da va et sværa liv".

8/5. Lagsmøte i Fensal

Dette var siste ordinære lagsmøtet før sommaren, men berre ca 20 medlemer hadde møtt opp. Men litt meir folksamt vart det då songkoret til BUL kom på vitjing. Dei underheldt med nokre kjende og kjære songar, og det var tydeleg at dei arbeider godt i det koret! Hans Heie hadde åaga ein morosam konkurranse, og fekk såleis aktivisera dei sløve (?) sunnhordene. Maten og kaffien smakte godt som vanleg, og så var det dans.

18/9. Lagsmøte i Fensal

Dette var fyrste møtet etter sommarferien. Ca 40 hadde møtt fram, men berre få nye andlet var å sjå. Kjell Matre stod for programmet. Han synte film frå revy-turane til fleire

Sunnhordlandsbygder på forsommaren. Det var ikkje vanskeleg å sjå at revy-gjengen hadde hatt det moro på utferdene sine. Etter denne "sterke" filmen smaka det ekstra godt med kaffi og rundstykke. Etterpå var det dans.

4/10. Felleskveld i Gimle

Sunnhordlendingen var ansvarleg. Ein del av revyen "Da går te donders" vart framsynt, og etter låtten å døma vart sketsjane og visene godt mottekne. Etter mat og kaffi var det dans med god stemning. Petter Ersvær var møteleiar. 88 billettar selde.

16/10. Lagsmøte i Fensal

Enno ein gong fekk vi oppleva ein spanande "filmkveld" i fjerde høgda i Fensal. Olav Fjæra var både fotograf, regissør og kommentator: han viste lysbilete og fortalde frå mange stdaer på Vestlandet, frå Sunnhordland til Sunnfjord, dessutan var det "opptak" frå fleire gilde tilskipingar i Gimle og Fensal. Etterpå var det mat, kaffi og dans. Under 30 frammøtte.

17/10. Flaumljoskamp på Møhlenpris

Det årlege fotballdramaet mellom Sunnhordlendingen og Sunnfjordlaget. Minusgrader og snødekt bane møtte spelarane (21 mann + 1 kvinne), men dette la tydelegvis ingen dempar på innsatsen og kampviljen. Sunnfjørene opna best (som vanleg) leia 3 - 1 etter første omgang (eller var det 3 - 2?). Men sunnhordane kom sterkt igjen, og då dei i byrjinga av 2. omgang utlikna til 3 - 3 låg sensasjonen i lufta. Men akk, sunnfjørene hadde nok mest att av denne lufta og vann tilslutt med 5 - 3. Honnør til det feminine innslaget hos sunnhordane, ho stoppa fleire anfrep og endå fleire sunnfjører. Berre 3 åskodarar hadde møtt opp, alle gjekk tidleg i kampen, men to kom att etterpå, så det er von for Sunnhordlandsfotballen! Domaren var ikkje til stades.

1/11. Fellesmøte i Gimle

Vi hadde programopplegget. Det blei ein god kveld med 77 selde billettar og bra innkome på loddbøkene, men så hadde vi og blautkake å lodda ut. Dei syngjande og spelande husmødrene frå Fyllingsdalen kom og laga triveleg "show" etter at vår eiga godjente Inger-Mari Hetland hadde framført nokre Sande-viser. Ho er eit funn, den jenta! Sketsjane som skulle framførast fall ut fordi drivkrafta bak desse ikkje møtte opp, men det var var program nok likevel. Dansen gjekk lystig til Duo Team's populære låtar.

17/11. Haustfest i Fensal

På grunn av ymse uheldige omstende måtte festkomiteen køyra med eit noko redusert program, men likevel vart det ein gild kveld. Ein del av "Det går te donders"-gruppa synte fram eit par nyinnøvde og vellukka sketsjar, og festleiaren Anders Kåre Engevik las dikt. Helland spela to slåttar på fela. Etter litt allsong bar det så til bords til ein retteleg velsmakande middag. Ingen kom på at skeiene som var framlagde skulle brukast til å slå på glaset med for dei som hadde noko på hjarta. Truleg var det mange som brann inne med gilde og store tankar på grunn av dette. Helland og Eide spela opp etter middagen, og dansen gjekk lystig. Ut på natta vart det servert kaffi og rikeleg med ovgode kaker. Mange "faste" sunnhordar glimra med sitt fråvær, men sunnfjor-




VESTLANDSKE SALSLAG

GILDE

PRAN & TORGERSEN

dingane møtte mannsterkt opp, fulle av humør, og redda festen. Omlag 50 betalande var tilstades.

29/11. Felleskveld i Gimle

Sunnhordlendingen var vertskap. Formann Kåre opna, og Knut Ove Gjersvik kom med ei importert gruppe dansarar frå Tysnes Ungdomslag som han hadde funne på Os Gymnas. Dei synte dansar frå 1920-åra fram til idag (frå Charleston til Hair), og publikum syntest det var moro. Så kom Husnesdiktaren Per Olav Kaldestad og las eigne dikt. Det såg ut som han fekk respons. Slutten av programmet stod Inger-Mari Hetland for, med viser på norsk, svensk og fransk - og filket jubla. Etterpå var det kaffi og mat, og dans til Helland & Eide. 67 billettar selde og godt overskot.

11/12. Julemøte i Fensal

Som kjent var Sigmund i Afrika i sommar for å laga program til dette julemøtet. Han hadde mykje interessant å fortelja, og mange vakre lysbilete å visa både frå sjø og land der nede. Han hadde til og med fått med fleire afrikanske statsoverhovud, og massevis av staselege afrikanske kvinner! Etterpå var det taleutfordringstevling med mykje tøys og lått. Storskyttarane i laget fekk utdelt sine velfortente premiar. Etter risengrynsgraut med rosiner og saft, var det dans til Eide's dragspel. Bortimot 30 hadde møtt fram og formann Kåre leia møtet.

LAGSMØTE O.A. 1974

22/1. Lagsmøte i Fensal

Carl Fredrik Kolderup (pensjonist og kjend Turlagsmann) kåserte og synte ljosbilete frå ein ferietur til Korsika ifjor. Fagre bilete, og morosamt og lærerikt kåseri. Formann Kåre leidde møtet og Halldor Tveit spelte til dans. Omlag 30 møtte fram.

12/2. Lagsmøte i Fensal

Trass i svikt i det opphavelege programopplegget, vart dette, etter referenten si meining, eit av dei gildaste lagsmøte på lang tid. "Reserveprogrammet" var både innhaldsrikt og underhaldande: Sunnhordlands mest talentfulle songarinne, Inger Mari Hetland framførte, som vanleg, gode viser i profesjonell stil. Etterpå kom turen til Sunnhordlands kanskje største diktartalent, Per Olav Kaldestad, som las både alvorlege og morosame dikt frå eigen produksjon. Som om ikkje det var nok, slo så Hans Heie til med ein gild og krevjande konkurranse. Spør om den karen har talent som konkurransearrangør! Kort sagt, dette var talenta sin kveld, og det er gildt å vera vitne til at Sunnhordlendingen kan få til så gode samkomer ved hjelp av eigne krefter.

Etter kaker og kaffi var det så dans. Omlag 35 personar hadde møtt fram, og stemninga var heile tida god. Kåre Vierdal leia møtet, og Haldor Tveit spela til dansen.

# SUNNHORDLAND PLANTESKULE

Johs. Helland
Valevåg
Telf.: 22 Valevåg

På Torget fredag og laurdag vår og haust. Skriv etter katalog.

KLÆR OG SKO - - -

f r a

# DAGNY

SKALEVIK LANDHANDEL

FITJAR - TELEFON 13 B

"Sunnabu"

Det har vore mindre aktivitet kring "Sunnabu" iår enn i dei føregåande åra. Dette kjem også klårt fram i rekneskapet, der både inntekter og utgifter har vore mindre. Der blei eit lite driftsoverskot som kan koma vel med til neste år. Der er ymse ting i storstova som kanskje må fornyast, slikt som golvet og vindauga i "kosekroken". Hyttestyret har ikkje vore samla så mange gonger i året som gjekk, så nokon planar eller vedtak av omfang har ikkje vore handsama. Eit ynskje som ofte har kome fram dei siste åra er ordningen med "Familiehelg" på hytta. Vi trur at dei fleste i laget har støtta denne tanken og styret vedtok einstemmig på styremøte den 28 januar 1974 å innføra dette som ei prøveordning, for å vurdera behovet. Den fyrste familiehelga vil bli den 8 - 10 mars. Ordningen med familiehelg betyr ikkje at hytta vert stengd for andre lemer den helga, tvertimot, "sterke lemer" som trur dei kan tåle barneskrik og bukselokt oppfordras til å reisa oppover. For å gjenta noko gamalt: HYTTA STÅR DER, BRUK HENNE!

Styret har iår vore: Gunnbjørg Skålevik, Gunnar Bergstø, Kjell Matre, Kåre Tronshaug og Sigurd Heggelund. Sistnemnde har vore formann.

S.H.

Spellaget

På siste årsmøtet vart Agnar Bruntveit og Petter Ersvær vald til å organisera spellagskreftene med tanke på å laga program til å reisa i Sunnhordland med. Arbeidet starta straks etter årsmøtet. Tidlegare aktive spellagsmedlemer og nya amatørar vart aktivisert, og me planla å leggja opp til eit program i revyliknande stil. Med felles innsats lukkast det å skaffa stoff nok, og øvingane tok til utpå vårparten.

Laurdag 26. mai var generalprøve på Fitjar på revyen "Da går te donders". Sjøl om det har vore minnerikare hendingar på Fitjar både før og etter at me var der med revy, så trur me likevel dei frammøtte med glede minnest framsyninga vår.

Laurdag 9. juni drog så spellagsgjengen på gjøglarferd til Fjæra. Her hausta dei og stor fagnad, særleg med sketsjen der to Ølenskarar sat på kaien og venta på "Sunnhordland".

Jonsokafta vitja spellaget Våge på Tysnes. Framsyninga slutta med palefiske på Ersværsflua og deretter nattmat med ..... i ei hytte i Ersværsvågen.

Den 4. oktober synte spellaget revyen på eit sams lagsmøte i Gimle der Nordhordlendingen, Sognalaget, Sunnfjordlaget og Sunnhordlendingen var med.

Siste framsyninga av revyen var på Reksteren den 27. oktober. Etter det dei fortel som såg revyen, var det ofseleg hugnadsamt.

Dei som har vore med i spellaget dette året, anten som forfattarar, artistar eller aktive på annan måte er: Agnar Bruntveit, Olav Fjæra, Petter Ersvær, Oddvard Haugsbakk, Sigurd Heggelund, Inger Mari Hetland, Bjarne Kårstad, Kjell Matre, Willy Mjånes, Sigmund Myklevoll, Hjalmar Tvedt, Anders Valvatne og Terje Aase.

P.E.

Best
i
vest




ET
GODT
TILBUD
FRA
SPAREBANKEN

Kombiner Sparebankens Bofinans med Skattefri Banksparing — da får du penger tilbake på — skatten — og lånerett til kjøp eller vedlikehold av bolig.
Be om brosjyre i et av våre kontorer.

BERGENS SPAREBANK
— en sammenslutning av 12 sparebanker —

## Skyttarlaget

Det har heller ikkje i år vore noko aktivitet utanom dei vanlege skytingane.

Den 23. september var det bygdelagstevling på Bergen Skyttarlags bane på Nesttun. Tevling burde kanskje stå i gåsauge, for berre Sognalaget stilte med fullt lag, så i år vann dei ekstra lett. Sunnhordlendingen kom på 3.plass og individuelt vann Røssland 15-skudden i kl. 3. Samson Bakke delte andreplassen på 10-skudden i klasse 4. J. Røssland, H. Reidarson og S. Bakke deltok frå oss.

Sunnabukruset gjekk veka etter, den 29. september. Der viste det seg at Ove Torsheim (tidlegare Larsen) vart den beste på poengsum 191, som er rekord uten respitt. På andre plass kom Samson Bakke og tredje Ragnar Spissøy. Deltakinga var ikkje so aller verst, 6 mann i alt.

I styre har vore: Ragnar Spissøy, Samson Bakke og Terje Aase.

S.B.

## "Sunnavind"

Lagsbladet har kome ut med 9 nummer i 1973, til saman 33 sider. Første nummeret kom på 1 side i A4 format, dei etterfylgjande er prenta i offset, kvart nr med 4 A4-sider forminska til A5 format. Bladet har kome ut mest mogeleg føre møter og festar, for å minna folket vårt om tilskipingane, og det har elles tent som lysingsblad for dei aktivitetane laget er innblanda i (særleg er "Sunnabu" sterkt anbefalt). Dette er då også vår tradisjonelle line.

Det har vore eit godt år for bladstyret, for det har vore bra tilgang på godt stoff frå lesarane. Vi har fått faste spaltistar: Kåre Vierdal ("Formann Kåre's Tankar") og Hans Heie ("Hans Eigen Spalte"), og lesarspalten "Folket's Røyst" der fleire har vore innom med helsingar frå opphald i fjerne strok, og tankar om eit og anna på vers og i prosa: Stora Kråko, L.O.T., Inger Mari, Regine, Terje Aase. Og desse skal ha mange takk! Kvasse debatt-innlegg om lagsarbeidets mål og meining har vi sakna.

Bladstyret har vore: Hans Heie, Anne Karin Lunde, Gerd Vierdal og Sigmund Myklevoll.

S.M.

## Teateret (Den Nationale Scene)

Også 1973 avslørte lita teaterinteresse hjå lemene, i alle fall ser det ikkje ut til at dei bryr seg om å gå i teater i samla flokk. Meldinga frå kontaktkvinna vår gir klårt bilete av stoda: "Erasmus Montanus var en tid her i byen, men ingen sunnhordlendingar var interessert i å vitja han. - Alle, nesten då, hadde noko anna føre onsdag den 7. nov. då det var meininga å gjeva Erasmus ei vitjing. Eit par stykker melde seg på, men endra meining då dei vart så få. - Altså ingen teaterkveld den datoen. - Har seinare ikkje brydd meg med å ta kontakt i forb. med ny teaterkveld."

S. Tronshaug

**Hotell Hordaheimen**
*C. Sundtsgt. 18. Telf. 23 23 20*

**Kaffistova til Bul.**
*Torget 1. Telf. 21 22 10*

## Lagshuset FENSAL

*Kg. Oscarsgt. 15. Telf. 23 21 18*

Er du med i eit lag som har bruk for rom til møte eller fest, med eller utan servering, so ring Fensal.

*Skal du treffa kjenningar på byen*
so avtal møte på KAFFISTOVA til B.U.L. på Torget, eller i GRILLSTOVA, C. Sundtsgt. 18.

*Skal du ha ei hyggjestund med slekt eller vener*
so er matsalen i Hotell Hordaheimen rette staden. Hordaheimen tek og mot bryllaup, konfirmasjon o. l.

*Skal du ha ein «stor dag» heime*
og vil kjøpa ferdige smørbrød so får du dei aller beste på Kaffistova og Hotell Hordaheimen.

*M e r k! Skuleungdom får moderasjon på middag på Kaffistova, Torget 1.*

## Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen L/L

*Administrasjonskontor:* Cort Piilsmau 7.

Telefon 23 10 67.

Leikarringen

Leikarringen som hadde kome godt igang hausten '72 heldt fram i fin stil i 1973. Tirsdag den 16/1 byrja øvingane att i Fensal, og denne fyrste kvelden hjelpte Herman Olsen oss med instruksjon. Den 23/1 byrja vi med kurs i Sunnhordlandsspringar med Bente og Rolf Mjøs som instruktørar. Der var 22 som tok del i skeidet som gjekk kvar tirsdag fram til 27/3 då ein slutta av i samband med lagsmøte. Siste helvta av skeidet blei det undervist også i annan gamaldans og songdans. Den 30/1 kombinerte ein øvinga med lagsmøte etterpå og den 13/2 friska ein opp øvinga med kaker baka av jentene og kaffi spandert av gutane. Etter den offisielle avslutninga heldt ein fram med øvingskveldar tre gonger utover våren. Vår gode ven Olav Helland var spelemann også i år, og han spanderte gratisspel på avslutninga. Takk skal du ha, og velkomen igjen!

I helga 30/3 - 1/4 var leikarringen på hyttetur til "Sunnabu", og ein god del av kursdeltakarane var med.

Hausten 1973 var leikarringen passiv.

Leikarringen har så å seia bore seg økonomisk i 1973.

Den 24/1- 1974 er nytt gamaldanskurs starta med omlag 60 deltakarar. Denne gongen går skeidet i Studentsenteret ved Universitetet. Jon Lothe er instruktør.

Styre i leikarringen har vore: Atle Vikøyr (formann), Gunnbjørg Skålevik (kassastyrar), Bjarne Kårstad, Randi Helgesen (varamann).

G.S./S.M.

Studienemnda

Nemnda har sett igang eit kurs i bandveving som vil gå ein kveld i veka i februar-mars 1974.

Styre: Elisabeth Fjæra, Hans Heie, Willy Mjånes.

Rådet

Petter Ersvær, Sebjørn Frøkedal, Per Ivarsøy, Ole Sæbø, Hjalmar Tvedt.

Utsendingar til Bygdelagsnemndi i Bergen

Willy Mjånes, Oddvard Haugsbakk.

Utsendingar til Idrottslaget Gular

Sigurd Heggelund, Willy Mjånes.

Ettersynsmenn

Lars Bruntveit, Per Ivarsøy, Sebjørn Frøkedal (varamann).

SUNNHORDLAND KRAFTLAG

# din bank

## I SENTRUM AV BERGEN OG VESTLANDET

**FILIALAR:**

Bergen Busstasjon — Eikeviken
Inndalsveien — Landås
Paradis — Smiberget, Fyllingsdalen
Strandgaten

**AVDELINGSKONTOR:**

HOVUDKONTOR. Rådstuplass 3 — Bergen
Arna Privatbank, Ytre Arna — Indre Arna
Askøybanken, Kleppestø — Ask — Follese
Sunnhordlandsbanken, Stord
Vestlandsbanken, Florø
Vestlandsbanken, Knarvik, Isdalstø
Vestlandsbanken, Os
Vestlandsbanken, Osterøy, Lonevåg
Vestlandsbanken, Sogndal



**VESTLANDSBANKEN**


Boktrykk, Bergen

# ÅRSMELDING
# for Bygdelaget
# SUNNHORDLENDINGEN
# 1974



ÅRSMELDING

Ved inngangen til eit nytt år skal vi no i denne årsmeldinga gjera opp status for året som gjekk.

Året 1974 var eit godt år for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Ved god hjelp av leikarringen fekk vi mange nye medlemmer i året som gjekk. Medlemstalet auka frå 54 til 119. Dette var ein auke vi ikkje våga å vona på ved årsmøtet ifjor. Ved desse mange nye medlemmene fekk vi ein heilt ny generasjon inn i laget. Ein generasjon som tok over for den som for eit par år sidan gjekk ut av legets aktive drift og inn i eit mindre kollektiv, ekteskapet.

Også økonomien har vore relativt god i 1974. Vi har sjølvsagt vore nøydde til å gå varsamt fram og har freista å få kvar einskild aktivitet til å bera seg. Også i 1974 hadde det nok vore ønskeleg om ein hadde hatt ein betre økonomi, slik at ein kunne tenkje meir på lagsarbeidet utan til ei kvar tid å ta økonomiske omsyn.

Frammøte på dei ymse aktivitetane har stort sett vore godt i året som gjekk. Ei gruppe som likevel ofte har svikta laget i 1974 er dei eldre medlemmene. Dette til tross for at vi har hatt mykje program som også burde interessera desse. Vi kan her blant anna nevna haustfesten og den kvelden då Erling Vaage vitja oss.

Samarbeidet i Styret har vore godt i 1974. Alle styremedlemmene har gjort sitt beste for lagets framgang og ofra mykje fritid til dette. Der har vore 10 styremøte frå forrige årsmøte og ut året, 5 i vår og 5 i haust.

Styret har også samarbeidd med særlaga, då spesielt Leikarringen. Dette samarbeidet er svært viktig og kunne nok med fordel vore meir utbygd enn det var i året som gjekk.

Også medlemmene ellers har vore velvillig innstilt til å ta eit tak for laget. Sett under eitt har samarbeidet i laget vore godt i 1974.

Medlemmene i Styret har vore:

| | |
|---|---|
| Formann | Kåre Vierdal |
| Nestformann | Sigmund Myklevoll |
| Kassastyrar | Magnhild Hollund |
| Skrivar | Svein Bua |
| Styremedlem | Randi Helgesen Filtvedt |
| | Ragnhild Nesse har møtt som varamann for Randi i haust |
| Varamann m/møteplikt | Hans Heie |

MØTE - DANS - FEST

23/2. Gamaldans i Fensal

Helland og Eide spela opp, og 84 betalande møtte fram og trødde dansen.

26/2. Årsmøte i Fensal

Møtet blei opna av formann Kåre Vierdal. Dagsorden vedteken, Petter Ersvær møteleiar, Gunnbjørg Bruntveit referent. Årsmeldinga og rekneskapane for hovudlaget og Sunnabu blei opplesne og vedtekne utan merknader. Eit framlegg om auking av døger og vekeprisar på Sunnabu blei diskutert, og det enda med at Hyttestyret fekk fullmant til å

fastsetja nye takstar. På grunn av grundig arbeid frå valkomiteens side gjekk valet greitt.

12/3. Lagsmøte i Fensal

Laget hadde denne kvelden vitjing av Åsane Folkehøgskule som framførte eit Prøysen-program, med berre kvinnelege aktørar, og dei gjorde stor lukke. Kåre Vierdal var møteleiar og 50 menneskje var tilstades.

23/3. Gamaldans i Fensal

Helland, Sørsdal og Torsvik spela og 70 danseglade møtte fram denne laurdagskvelden.

26/3. Lagsmøte i Fensal

Dei nye medlemene skulle syta for programmet, men dei laut også få litt hjelp frå "gamlingane": Per Olav Kaldestad las dikt av Sunnhordlandsdiktarar, Lars Amund Vaage spelte piano, Anders Kåre Engevik las ei Aukrust-historie og Hans Heie laga tevling. Sørsdal og Torsvik spela til dans. 30 møtte fram, Svein Bua leidde møtet.

18/4. Ragnvald Vaage-kveld i Fensal

Storsalen blei leigd og ein vona på stort frammøte, men berre 40 billettar blei selt. Gjennom Per Olav Kaldestad, Paul-Kåre Gjuvsland, Inger Mari Hetland og Anders Kåre Engevik vart me kjende med Ragnvald Vaage og hans dikting. Programmet hadde fortent mange fleire tilhøyrarar. Etter kaffi og kaker var det gamaldans, og Sigmund Myklevoll var møteleiar.

23/4. Lagsmøte i Fensal

Odd Horsdal viste lysbilete og fortalde frå Svalbard. Må tru om ikkje mange fekk lyst på ein tur dit etter den spirituelle skildringa av naturen og folkelivet der nord. Sidan ei av jentene våre hadde fødselsdag blei det spandert to heile blautkaker (med ukjent antal lys), og etterpå dansa dei 25 som hadde møtt fram. Møteleiar: Svein Bua.

17/5. Fest på Sunnabu

Verdig høgtiding av grunnlovsdagen på hytta.

8/6. Kosekveld (sesong-avslutning) på Sunnfjordheimen

Vi slutta av vår-sesongen saman med sunnfjordingane på utferdsstaden deira på Ytre Hope ved Grimstadfjorden. 50 deltok i festen, dei fleste sunnhordlendingar. Svært fin kveld med peiskos og dans, og Inger Mari med to manns forsterkning sette ekstra spiss på kvelden med visesong og musikk. Steffen Eide spelte til dansen. Ein verdig sesong-slutt.

\+ + + + + +

17/9. Lagsmøte i Fensal

Haustens første lagsmøte var også eit innslag i Bygdelagsveka 1974. Ein satsa stort på god underholdning av eigne krefter, og kvinnene i laget spanderte heimelaga kaker. Dei 70 frammøtte - blant desse mange nye fjes - var svært tilfredse med det som blei servert av mat og underholdning. Hyttesjef Kjell Matre synte film frå Kvamskogen med lagslemer i hovudrollene - god reklame for friluftslivet

og hyttekosen på Skogen. Inger Mari med gitaren "Peder" song viser og Willy Mjånes las lettbeinte vers. Lars Olav Tveita leidde møtet og orienterte om lagsarbeid til opplysning for dei nye. Olav Fjæra var innom og orienterte om Bygdelagsveka 1974. Til sist var det leik og dans.

3/10. Lagsmøte i Fensal

Dette lagsmøtet var også avslutningskveld for gamaldanskurset vårt. Leikleiar Britt Sørland og spelemann Olav Helland fekk takk og ros og gåver. Torunn Myhra underholdt med ypperleg visesong. Etter kaffi og kaker spelte Haldor Tveit til dans. 50 møtedeltakarar, og Kåre Vierdal var møteleiar.

12/10. Haustfest i Fensal

Festkomiteen la ned eit stort og godt arbeid for å laga ein triveleg kveld, og gildt var det - berre synd at berre 60 av medlemene hytta høvet til å hyggja seg saman. Møteleiar Willy Mjånes las sjølvskriven prolog før austerlandsk gryte kom på bordet. Anna Festervold las dikt av Jakob Sande og Tor Jonson, og Per Olav Kaldestad var frampå med moderniserte ordtak og fyndord. Innimellom fekk vi visesong av Grethe Olsen m/gitar. Etter middagen leidde Lars Olav leiken og seinare spela Helland og Eide opp til gamaldans. Utpå natta fekk me heimebaka kaker til kaffien, og Per Olav las eigne dikt illustrert av Rolf Monsen på balloptikon. Ein fin kveld.

24/10. Lagsmøte i Fensal

Sigbjørn Heie og Vidar Høviskeland framførde lyrikk og viser til gitarmusikk. Olav Fjæra (Ola-guten) synte lysbilete og fortalde frå den vidgjetne ferda i vesterveg til Island der han og nordmannakongen var gjester i samband med 1100-års høgtida for landnåmet. Inger Mari var innom med gitaren og song, og deretter var det leik og dans til Haldor Tveit's dragspelmusikk. Kåre Vierdal var møteleiar, og omlag 50 møtte fram.

7/11. Lagsmøte i Fensal

Det annonserte programmet uteblei (Song av Sebjørn og Alf'en), og på grunn av leikkurs-sollisjon uteblei også mykje av folket, så berre 20 stk var der og godprata over kaffikoppen. Til all lukke hadde Audun Otteren gitaren med, og han serverte oss viser til alles glede. Helland spela til dans, Kåre Vierdal leidde møtet.

1/11. Lagsmøte i Fensal

Sogeskrivaren Erling Vaage fortalde frå Sunnhordlandsbygdene i gamle dagar. Inger Mari Hetland som alltid er like velkomen på programmet vårt, song viser for oss. Helland spela til dans og Kåre Vierdal var møteleiar. Omlag 40 tilstades.

5/12. Lagsmøte (Julemøte) i Fensal

Vi åt graut og hadde det triveleg. Jonny Jørgensen las Nordlandshistorier og Sigmund Myklevoll fortalde frå si ungdomstid som hybelbuar i Bergen. Haldor Tveit var atter på plass med dragspelet og fekk swing på folk. 40 tilstades. Møteleiar: Kåre Vierdal.

REKNESKAP FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN FOR 1974

Resultatkonto pr 31/12 1974

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Husleige | | | Kr. | 2809,00 |
| Mat | | | " | 2268,44 |
| Lysing | | | " | 1728,35 |
| Musikk, program | | | " | 2025,00 |
| Lagsutgifter | | | " | 1211,35 |
| Skyttaråaget | | | " | 80,50 |
| Underholdning | | | " | 450,00 |
| Blomar og helsingar | | | " | 149,50 |
| Årsmelding 1973 | Kr. | 1020,00 | | |
| ÷ lysingar | " | 850,00 | | |
| (Ubetalt lysing | " | 50,00) | " | 170,00 |
| Underskot 2 kurs | | | " | 252,50 |
| FN-Sambandet 1973-1974 | | | " | 60,00 |
| Årspengar Hordaland Ungdomslag | | | " | 740,00 |
| Lagsfond | | | " | 84,16 |
| Bank pr 31/12 1974 | | | " | 3798,89 |
| Kassa | | | " | 559,17 |
| Postgiro pr 31/12 1974 | | | " | 370,45 |
| Postgiro pr 1/1 1974 | | | | Kr. 45,45 |
| Kontanter, bank, kassa pr 1/1 1974 | | | | " 3606,97 |
| Husleigetilskot frå Fritidsseksjonen | | | | " 2100,00 |
| Gåver | | | | " 400,00 |
| Medlemspengar | | | | " 2530,00 |
| Loddsalg | | | | " 1547,70 |
| Renter bank | | | | " 73,33 |
| Tilskot frå Bygdelagsnemndi i Bergen | | | | " 750,00 |
| Overskot brussalg | | | | " 35,70 |
| Lagsfond | | | | " 84,16 |
| Inngangspengar | | | | " 5584,00 |
| | | | Kr. | 16757,31 |
| | | | | Kr. 16757,31 |

Eiga pr 31/12 1974

| | | |
|---|---|---|
| Kontanter | Kr. | 559,17 |
| Bank | " | 3798,89 |
| Lagsfond | " | 84,16 |
| Postgiro | " | 370,45 |
| 2 luter i L/L Bygdehus | " | 2000,00 |
| Fane | " | 1500,00 |
| Målarstykke | " | 500,00 |
| Skrivemaskin | " | 400,00 |
| Varmeovn | " | 100,00 |
| | Kr. | 9312,67 |

Bergen 31/12 1974
23/1 1975

Magnhild Hollund
kassastyrar

Per Ivarsøy
Lars Bruntveit
ettersynsmenn

REKNESKAP FOR "SUNNABU"

## Resultatkonto pr 31/12 1974

| | | |
|---|---|---|
| Brensel, straum | Kr. 1081,83 | |
| Forsikring | " 154,00 | |
| Vedlikehald | " 1695,94 | |
| Ymse utloger | " 474,65 | |
| Overskot | " 1071,70 | |
| Overnattingar og utleige | | Kr. 3508,00 |
| Andre inntekter | | " 308,40 |
| Renteinntekter | | " 125,72 |
| Straumautomaten | | " 536,00 |
| | Kr. 4478,12 | Kr. 4478,12 |

## Balanse pr 31/12 1974

| | | |
|---|---|---|
| Hytta | Kr. 38000,00 | |
| Kassa pr 31/12 1974 | " 9,82 | |
| Bank | " 3981,84 | |
| Eigenkapital | | Kr. 41919,96 |
| Overskot | | " 1071,70 |
| | Kr. 42991,66 | Kr. 42991,66 |

Bergen 31/12 1974
23/1 1975

Gunnbjørg Skålevik
kassastyrar

Per Ivarsøy
Lars Bruntveit
ettersynsmenn

# ÅRSMELDING FRÅ SÆRLAGA

## Leikarringen

I 1974 starta vi opp med gamaldanskurs på Studentsenteret 30 januar. Instruktør var Lars Låte. 66 betalande kursdeltakarar. Kurset gjekk over 8 kveldar fram til 20 mars. Men då vi skulle ha leikøving 26 mars, møtte berre nokre få interesserte fram.

Etter samråding med dei andre leikarringane kom vi først til med kurs i Gimle i haust. 10 september stod det kø langt utpå gata ved Gimle. Mest 100 betalande hadde vi med på gamaldanskurset, men jamt over var det "berre" omlag 80 inne kvar kveld. Brit Sørland gjorde ein alle tiders jobb som instruktør. I oktober og november gjekk det slag i slag med leikøvingar kvar torsdag. På lagsmøtekveldane starta vi opp med gamaldans kl. 19, og seinare på kvelden hadde vi leik og meir dans etter kaffien og programmet. Dei ordinære øvingskveldane runda vi av med "nach-spiel" på lagsromet - song, kaffi, brus og stor stemning. Ei helg fyllte 17 leikentusiastar Sunnabu. Alle lika seg og vil opp att dit. I slike høve burde det vera ein kassett-spelar der oppe, så vi slepp dra på det. Både på hytta og på lagsmøta ser det ut for at dansen går lystelegare for kvar gong.

Vi trur alle har hatt ein gild haust i leikarringen. Omlag 25 songdansar og like mange musikkdansar er instruerte. Politikken har vore å gi medlemene eit godt grunnlag for folkedanskveldar, lagsmøte og liknande. Perfeksjoneringa har rimelegvis kome noko i bakgrunnen.

I styret har desse vore med: Gunnbjørg Skålevik (vår), Lars Olav Tveita (haust), Olav Bjørgen og Ragnhild Nesse. L.O.T. har vore instruktør i haust, og Olav Helland har også i år vore spelemann - alltid i godt humør og uunnværleg for leikarringen.

Den reviderte rekneskapen for leikarringen syner aktiva på kroner 1173,92 i kasse og bank. Overskot 1974 er kroner 903,11.

Leikarringstyret

## Sunnabu

Året 1974 har vore eit bra år for Sunnabu. Det har vore jamnt bra besøk gjennom heile året. I mars var det familiehelg, og dette synte seg å vera eit svært populært tiltak. Styret har hatt to møte, og det vart vedteke å setja i gang med utvidinga av "kosekroken". Trappa opp til loftet skulle flyttast, slik at gangen kunne leggjast til stova. I sommar og utover hausten vart det gjort mykje godt dugnadsarbeid, slik at hytta står der no med ny stor "kosekrok" og nylakka golv.

Styret har dette året vore: Kjell Matre (formann), Gunnbjørg Skålevik (kassastyrar), Gunnar Bergstø, Lars Olav Tveita og Kari Aarbakke.

## Sunnavind

Lagsbladet har kome ut med 10 nummer i 1974. I alt blei det 44 A5-sider prenta på offset-maskin. Stofftilgangen har vore god, så Bladstyrets arbeid har helst vore å setja det heile saman, skriva overskrifter, prenta, skriva konvoluttar, slikka frimerke og likn.

Wenche Drange, Hans Heie, Magnhild Hollund og Sigmund Myklevoll har site i bladstyret.

Faste spaltistar har vi hatt i formannen Kåre Vierdal ("Formann Kåre's Tankar") og Hans Heie ("Hans Eigen Spalte"). Desse har skrive ein eller fleire gonger: "Stora Kråko", Per Ivarsøy, Willy Mjånes, Harald Reidarson, Lars Olav Tveita, Paul Kåre Gjuvsland, Inger Mari Hetland, Gunnbjørg og Agnar Bruntveit, Svein Bua, Gunvor Regine Lunde, Per Olav Kaldestad, "Anon Ymus".

Vi takkar alle for innsatsen!

Bladstyret v/S.M.

Skyttarlaget

Laget har i år avvikla skytinga om Sunnabukruset og var med på bygdelagstevlinga.

Den 15 september var det bygdelagstevling på Nesttun. Der vart Sognelaget slege av Sunnfjordlaget. Me klarde ikkje å skaffa fram fullt lag, men Ove Thorsheim og Bjarne Kårstad deltok frå oss.

Lagstevlinga om Sunnabukruset vart halden 5 oktober. Igjen viste det seg at Ove Thorsheim vart den beste og han fekk Sunnabukruset til odel og eige, etter omskyting - poengsum 193. På andreplass kom Samson Bakke og tredjeplass gjekk til Sebjørn Frøkedal.

I alt var fire mann med, så deltakinga kunne vore betre.

I styret har vore: Ragnar Spissøy, Kåre Lauvås og Samson Bakke (formann). Varamann: Sebjørn Frøkedal.

Samson Bakke

Studienemnda

I februar-mars blei det skipa til eit kurs i bandvev med tekstildesigner Inger Johanne Sundberg som lærar. Deltakinga vart ikkje så stor, men dei som var med fekk då desto betre undervisning.

Styret: Elisabeth Fjæra, Willy Mjånes, Wenche Drange. Varamann: Hans Heie.

Spellaget

Spellaget har i 1974 kvilt på sine laurbær frå året før.

Styret: Willy Mjånes, Agnar Bruntveit, Olav Fjæra.

Kontakt med Teatret (Den Nationale Scene)

Lagslemene har ikkje flokka seg for å gå i teater i 1974. Interessa for dette tiltaket er lita for tida, så ordninga tykkjest overflødig.

Teaterkontakt: Randi Helgesen Filtvedt

Rådet

Petter Ersvær, Sebjørn Frøkedal, Per Ivarsøy, Ole Sæbø, Hjalmar Tvedt.

Utsendingar til Bygdelagsnemndi i Bergen

Gunnbjørg Skålevik, Olav Kvernenes.

Utsendingar til Idrottslaget Gular

Kåre Vierdal, Kari Aarbakke, Sigmund Myklevoll. Varamann: Lars Olav Tveita.

Ettersynsmenn

Lars Bruntveit, Per Ivarsøy. Varamann: Sebjørn Frøkedal.

Gubbelaget

Gubbelaget (også kalla Frøklubben, det tyder: dei som er iferd med å gå i frø) har i heile 1974 freista skipa seg. Der har vore fleire møte med god mat rundt om i heimane der reglar og føremål for Gubbelaget har vore drøfta. Samkomene har vore opptil seks mann sterke. Eit av laget sine føremål vil bli å tilby hovudlaget møteprogram ein eller to gonger for året.

Gubbelaget har til dessar diverre berre mannlege medlemer.

# SUNNHORDLAND PLANTESKULE

Johs. Helland
Valevåg
Telf.: 22 Valevåg

På Torget fredag og laurdag vår og haust. Skriv etter katalog.

SUNNHORDLAND KRAFTLAG

**Hotell Hordaheimen**
*C. Sundtsgt. 18. Telf. 23 23 20*

**Kaffistova til Bul.**
*Torget 1. Telf. 21 22 10*

## Lagshuset FENSAL

*Kg. Oscarsgt. 15. Telf. 23 21 18*

Er du med i eit lag som har bruk for rom til møte eller fest, med eller utan servering, so ring Fensal.

*Skal du treffa kjenningar på byen*
so avtal møte på KAFFISTOVA til B.U.L. på Torget, eller i GRILLSTOVA, C. Sundtsgt. 18.

*Skal du ha ei hyggjestund med slekt eller vener*
so er matsalen i Hotell Hordaheimen rette staden. Hordaheimen tek og mot bryllaup, konfirmasjon o. l.

*Skal du ha ein «stor dag» heime*
og vil kjøpa ferdige smørbrød so får du dei aller beste på Kaffistova og Hotell Hordaheimen.

*M e r k! Skuleungdom får moderasjon på middag på Kaffistova, Torget 1.*

**Lagsbruki til**
**Bondeungdomslaget i Bergen L/L**

*Administrasjonskontor:* Cort Piilsmau 7.

Telefon 23 10 67.

# ÅRSMELDING

## for Bygdelaget

# SUNNHORDLENDINGEN

## 1975



BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

Bygdelaget Sunnhordlendingen vart skipa i 1919. I føremålsparagrafen står det at laget vårt skal:

a) Fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller ikring Bergen.

b) Arbeide for å spreie opplysning om den rike kultur- og sogetradisjonen i sunnhordlandsbygdene.

c) Vere til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen.

Sunnhordlendingen har lagsmøte annakvar torsdag. På desse møtene freistar me å få med både skjemt og alvor. Ofte har me vitjing av ein føredragshaldar, men me satsar og på at lagsmedlemene sjølv skal stå for aktivitetane. Ellers har folkedansen stor plass i lagsarbeidet og laget skipar regelmessig til kurs i ulike dansar.

Dei torsdagane det ikkje er lagsmøte har leikarringen øving. Der prøver me oss med både lette og vanskelege dansar, så det er ikkje keisamt for hverken nybyrjarar eller dei som er lengre komme.

I skodespelargruppa kan dei som har interesse for amatørteater få utfalda seg. Me brukar å vise stykka på tilskipingar laget har og det hender og me reiser omkring i sunnhordlandsbygdene med dei.

Så har me hytte på Kvamskogen, SUNNABU. Der er det plass til 3o stykke, og det er ikke få helgar, både sumar og vinter, der er fullt hus og stor stemning.

Me har og eige lagsblad. Dette freistar me få ut føre kvar lagskveld. Her vert alle tilskipingane utlyst, fellesturar til hytta gjort kjent og medlemmene vert underretta om kva som elles skjer i laget. Lesarbrev og diskusjonar om lagsarbeid er og å finna i bladet.

Me har desse særlaga: Leikarring, Spellag, Skyttarlag, Hyttegjeng, ~~Studienemd~~, Bladstyre og Gubbelag.

ÅRSMELDING 1975

Eit nytt arbeidsår, det 55. i rekkja i Bygdelaget Sunnhordlendingen si soge, er slutt. Som det går fram av det følgjande, har året på mange måtar vore eit godt år for laget. Det er likevel ikkje grunn til å leggje skjul på at det ofte er tungt å drive eit lite lag som "Sunnhordlendingen".

Medlemstalet i 1975 har vore ca. 100. Hovedaktivitetane i laget har vore dei same som tidligare år. Frammøte på lagsmøta og festane har stort sett vore bra, noko me tek som eit teikn på at me har greidd skapa eit godt og trivleg lagsmiljø.

Sunnhordlendingen har også i 1975 lagt storparten av lagsaktivitetane til Fensal, og me vil i denne samanheng nytta høvet til å takke vaktmeister Bremnes m/frue for godt samarbeid.

Bygdelaget Sunnhordlendingen er tilslutta desse samskipnadene: Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Bygdelagsnemdi i Bergen, FN-sambandet, Vestlandske Teaterlag og Teatersentralen.

I styret har siste året vore:

| | |
|---|---|
| ~~Svein Bua~~ M.A. | (formann) |
| ~~Lars Sigurd Valvatne~~ | (nestformann) |
| ~~Magnhild Hollund~~ | (kassastyrar) |
| ~~Kari Aarbakke~~ | (skrivar) |
| ~~Anders Engevik~~ | (styremedl.) |

M.A. L.S.V. G.H.M. A.H. K.S.

Varam. m/m. H.Aa.

MØTE - DANS - FEST

23.1. Lagsmøte i Fensal

Sunnhordlendingen starta møteverksemda i kvinneåret med å invitera gruppa "Kjerringrokk" fra lærarskulen. Vi fekk litt av kvart av musikk og song, og folket tok vel imot dei. Dei hadde i høve det store kvinneåret viser som særleg kom inn på det emnet. Etterpå vart det mat og kaffi og møte vart avslutta med dans. 60 frammøtte. Kåre Vierdal var møteleiar.

6.2. Årsmøte i Fensal

Vanlege årsmøtesaker vart handsama. Rekneskapen vart godkjent med små kommentarar. Valnemda hadde gjort godt arbeid, og valet gjekk greitt.
Petter Ersvær orienterte om Gubbelaget og Årsmøte vedtok at det nye særlaget skulle skipas og vedtekter for særlaget vart godkjent.
Det vart elles diskusjon om Sunnhordlendingen sitt forhold til Noregs Ungdomslag utan at noko vedtak vart gjort.

2o.2. Lagsmøte i Fensal

Gubbelaget hadde varsla sitt inntog i Fensal denne kvelden, men melde fråfall og i staden fekk me vitjing av brann-mester Erdal. Han las eit par historiar på ein svært livfull måte, slik at tida flaug for dei som hadde funne vegen til Fensal denne kvelden. Etter mat og kaffi var det som vanleg gammaldans. 5o frammøtte. Svein Bua var møteleiar.

6.3. Lagsmøte i Fensal

Gubbane vitja oss endeleg i kveld. Rett nok var det eit par stykker som ikkje kunne vera med, men dei andre fekk smilet fram med viser av Hjalmar Tvedt og små sketsjar spela av Per Ivarsøy, Petter Ersvær og Gunnar Frøkedal. Sigmund Myklevoll hadde skrive prolog. Etterpå var det kaffi og heimbaka rundstykker (bakar: Wencke Bruntveit). Dansen avslutta møtet. Musikk: Helland og Thorsvik. Møteleiar: Svein Bua.

2o.3. Lagsmøte i Fensal

Lektor Arnfinn Haga, Stordabu og god sunnhordlending vitja oss, og han las opp frå boka han hadde skrive og kåserte om motstandsrørsla under krigen. Lydbandopptak frå samtalar han hadde hatt med folk frå motstandsrørsla gjorde det heile meir levande for oss som ikkje hadde opplevd krigen. Diverre var det få som hadde møtt fram. Lars Sigurd Valvatne var møteleiar. Mat og kaffi var det som vanleg, og Helland og Thorsvik spela til dans. Premieutdeling for Sunnaburennet.

1o.4. Lagsmøte i Fensal

Anders Kåre Engevik kåserte om dampbåtane på Bjørnefjorden. Dette gjorde han på intressant måte, og for at det skulle bli meir illustrerande, hadde han med seg ljosbilete. Eit godt kåseri. Mat og kaffi. Gammaldans avslutta kvelden. 4o frammøtte. Møteleiar: Lars Sigurd Valvatne.

24.4. Lagsmøte i Fensal

Vår trufaste "syngjedame" Inger Mari Hetland vitja oss, og saman med Kai Korneliussen fekk ho dei frammøtte i godt humør. Gamle Bergensviser og andre folkelege songar var noko sunnhordlendingane sette pris på. Høydepunktet var vel Magnhild Arholms geburtsdagsfeiring med servering av fløyte-kaker, laga av Magne Ro og Svein Bua. Helland og Thorsvik spela til dans etterpå. Co. 5o hadde møtt fram.

13.5. Lagsmøte i Fensal

Dette var siste lagsmøte før sommarferien, og me hadde formannen i Nordhordlendingen Olaug Fjellstad på vitjing. Ho song viser og synte stor gjøglar-glede. Magnhild Arholm synte oss og at gitarspel og visesong ikkje er ukjent for henne heller. Etter mat og kaffi spela Helland og Thorsvik gammaldans for dei 35 frammøtte. Svein Bua var møteleiar.

17.5. 17. mai-fest på "Sunnabu"

31.5. Avslutningsfest "Sunnfjordheimen"

Det var mange sunnhordlendingar som hadde funne vegen til "Sunnfjordheimen" denne kvelden. Det syner at dei let seg ikkje skræma av ein haglekave i mai. Sunnfjordingane hadde baka rundstykker, og den kunsten kunne dei. Ellers var det premieutdeling til vinnarane av rebus-løpet. Der var ikkje sunnhordlendingane så flinke å delta. Helland og Thorsvik sytte for god dansemusikk. Ei kosestund.

18.9. Lagsmøte i Fensal

Haustsesongen starta opp med ein kort presentasjon av det som går for seg i Sunnhordlendingen. Frå Gubbelaget møtte Hjalmar Tvedt fram, og han kåserte om daglegdagse hendingar- frå ferietur til Sverige til valgresultat. Hytta måtte sjølvsagt presenterast, og dette vart gjort ved "autentiske" opptak frå påskehelga -75. Sebjørn Frøkedal hadde laga denne filmen. Dessutan vart ein av Kjell Matre sine filmar frå hytta synte, og meir skulle det ikkje til før hytte-stemningen kom. Kaffi og heimebaka kaker vart servert, og etter det svinga dei ca. 4o frammøtte seg etter tonar frå Helland og Thorsvik. Svein Bua var som vanleg møteleiar.

2.1o. Lagsmøte i Fensal

Programmet som skulle vore denne kvelden uteblei, og Svein Festervold og Jan Erik Endresen kom på kort varsel og gledde oss med visesong. Dei 35 lemene som hadde møtt fram lika songen godt. Etter mat og kaffi fekk dei som hadde møtt fram svinga seg etter tonar frå Sverre Sørdal og Oddbjørn Hanto. Stemninga var stor, og for dei som hadde gått på springarkurset var det kjærkome at Helland stakk innom utpå kvelden. Svein Bua var møteleiar.

16.1o. Lagsmøte i Fensal

Denne kvelden heldt Anders Kåre Engevik kåseri. Han fortalde om bønder, prestar og embedsmenn i Sunnhordland 25o år før oss. Han fortalde mange morosame soger frå dei ulike samkomer dei hadde i denne tida. Etterpå var det mat og kaffi. Helland og Thorsvik spela til dans. Svein Bua var møteleiar. Ca. 4o frammøtte.

1.11. Haustfest

Festkomiteen hadde gjort eit godt arbeid, og det hadde møtt fram loo stykker då komiteen opna med eigen song (skriven av Magnhild Arholm). Johannes Heggland kåserte, og etter gryteretten las Samuel Arholm eigne dikt. Dansen gjekk livleg etter musikk frå Olav Helland, Oddbjørn Hanto og Sverre Sørdal. Etter kaffien og heimbaka kaker debuterte fleire sunnhordlendingar med å syne fram to spelstykke.

Olav Fjæra hadde skrive det eine, og han og skodespelarane hausta stor fagnad. Dansen gjekk vidare til langt på natt, og det var ein haustfest mange vil minnast. Særleg kjekt var det at så mange av dei "gamle" i laget hadde møtt fram. Anders Kåre Engevik var festleiar.

13.11. Lagsmøte i Fensal

Det er godt å ha eigne kåsørar i laget, og ein av dei er Willy Mjånes. Han gledde dei frammøtte med eit humørfylt kåseri. Som vanleg var det rundstykker og kaffi. Til dansen spela Helland og Thorsvik. Møteleiar: Magnhild Arholm. Ca. 35 frammøtte.

27.11. Lagsmøte i Fensal

BUL sin kvinnelege formann, Grete Holmboe vitja oss og las historiar av den kjende stavangerforfatteren Ajax. Inger Mari Hetland var også innom og song viser for oss, og som vanleg vart ho godt motteken. Mat og kaffi. Som vanleg spela Helland og Thorsvik. Ca. 4o frammøtte og Svein Bua leia møtet.

11.12. Julemøte i Fensal

Mange sunnhordar hadde teke ein pause frå julestria og gått i Fensal for å smaka den gode risengrynsgrauten denne kvelden. Wilhelm Våge vitja oss, og han greidde å få oss i verkeleg god gamaldags julestemning med sitt livfulle kåseri om julefeiringa og førebuinga til jul då han var gut. Etter andletsuttrykka var det nok ein del som hadde vore med på dette, og kjende seg igjen. Ikkje nok med dette, me hadde og vitjing av to visesongarar frå BUL. Etter kaffi og julebrød spela Olav Helland, Oddbjørn Hanto og Sverre Sørdal til dans. Ca. 55 frammøtte. Kari Aarbakke leia møtet.

REKNESKAP FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN FOR 1975

Resultatkonto pr. 31/12 1975

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Husleige | Kr. | 2.891,oo | | |
| Mat | " | 2.658,25 | | |
| Lysingar | " | 329,7o | | |
| Musikk og underhald. | " | 3.o85,oo | | |
| Lagsutgifter | " | 1.947,2o | | |
| Kontigent til H.U. | " | 1.5o8,oo | | |
| Årsmelding | " | 246,oo | | |
| Trykking av Sunnavind | " | 148,65 | | |
| Gåver og premier | " | 3o2,oo | | |
| Kassa pr. 31/12-75 | " | 269,45 | | |
| Bank pr. 31/12-75 | " | 5.oo3,91 | | |
| Postgiro pr. 31/12-75 | " | 127,25 | | |
| | | | Kr. | 7.199,oo |
| Inngongspenger | | | " | 2.2oo,oo |
| Medlemspenger | | | " | 1.56o,oo |
| Loddsal | | | " | 1.745,oo |
| Husleigetilskot | | | " | 8o,oo |
| Gåver | | | " | 4oo,oo |
| Overført frå leikarring | | | " | 45o,oo |
| Annonser i årsmelding | | | " | 153,5o |
| Renter | | | " | 559,57 |
| Kassa pr. 1/1-75 | | | " | 3.798,89 |
| Bank pr. 1/1-75 | | | " | 37o,45 |
| Postgiro pr. 1/1-75 | | | | |
| | Kr. | 18.516,41 | Kr. | 18.516,41 |

Eiga pr. 31/12 1975

| | | |
|---|---|---|
| Kontanter | Kr. | 269,45 |
| Bank | " | 5.oo3,91 |
| Lagsfond | " | 98,37 |
| Postgiro | " | 127,25 |
| 2 lutar i L/L Bygdehus | " | 2.ooo,oo |
| Fane | " | 1.5oo,oo |
| Målarstykke | " | 5oo,oo |
| Varmeovn | " | 1oo,oo |
| Skrivemaskin | " | 2oo,oo |
| | Kr. | 9.798,98 |

Magnhild Hollund
kassastyrar

Bergen 31/12 1974
23/1 1975

Kjell Matre
Sebjørn Frøkedal
ettersynsmenn

REKNESKAP FOR "SUNNABU"

Resultatkonto pr. 31/12 1975

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Brensel, straum | Kr. | 1.424,10 | | |
| Forsikring | " | 168,00 | | |
| Nyinvestering | " | 2.287,60 | | |
| Vedlikehand, drift m.m. | " | 1.854,57 | | |
| Overnattingar, utleige | | | Kr. | 3.336,00 |
| Andre inntekter | | | " | 127,00 |
| Renteinntekter | | | " | 152,00 |
| Straumautomaten | | | " | 665,00 |
| Underskot | | | " | 1.454,27 |
| | Kr. | 5.734,27 | Kr. | 5.734,27 |

Balanse pr. 31/12 1975

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Hytta | Kr. | 38.000,00 | | |
| Kassa pr. 31/12-75 | " | 46,40 | | |
| Bank pr. 31/12-75 | " | 2.490,99 | | |
| Underskot drift | " | 1.454,27 | | |
| Eigenkapital | | | Kr. | 38.000,00 |
| Kassa pr. 1/1-75 | | | " | 9,82 |
| Bank pr. 1/1-75 | | | " | 3.981,84 |
| | Kr. | 41.991,66 | Kr. | 41.991,66 |

Gunnbjørg Skålevik
kassastyrar

---

REKNESKAP FOR LEIKARRINGEN

Resultatkonto pr. 31/12 1975

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Inntekter polskurs | Kr. | 1.015,00 | | |
| " springarkurs | " | 1.180,00 | | |
| " gamaldanskurs | " | 4.415,00 | | |
| Kasse pr. 1/1-75 | " | 1.173,92 | | |
| Utgifter polskurs | | | Kr. | 875,00 |
| " springarkurs | | | " | 1.390,00 |
| " gamaldanskurs | | | " | 1.812,30 |
| Musikk | | | " | 950,00 |
| Kursavgift | | | " | 100,00 |
| Gåver | | | " | 43,00 |
| Tilbakebet. medl. kont. | | | " | 45,00 |
| Betalt annonse | | | " | 165,20 |
| Betalt frimerker/konv. | | | " | 57,40 |
| Overført til hovedlaget | | | " | 400,00 |
| Kasse pr. 1/1-76 | | | " | 1.946,02 |
| | Kr. | 7.783,92 | Kr. | 7.783,92 |

Ragnhild Nesse
kassastyrar

Bergen 31/12 1974
23/1 1975

Kjell Matre
Sebjørn Frøkedal
ettersynsmenn

Bruk

**Fitjar Sparebank**

**Sunnhordland Kraftlag**

ÅRSMELDING FRÅ SÆRLAGA OG ANDRE TILTAK 1975

## Leikarringen

16. januar starta leikarringen opp med Pols-kurs. Det var 35 deltakarar og Ingebrikt Flønæs instruerte oss.

Etter dette heldt leikarringen på med øvingar kvar torsdag til i mai. Då tok vi sumarferie.

2. september tok vi til på ny med leikarbeide. Det starta godt med kurs i Vestlandsspringar. Her var det 26 deltakarar og Herman Olsen instruerte.
Etter at springarkursetet var vel i hamn tok eit gamaldanskurs til 8/1o. Her var det 85 deltakarar og Jon Låte var instruktør.
Etter at gamaldanskurset var avslutta starta leikøvingane. I haust er det Tore Evanger som har stått for instruksjon og leiing. Han laut taka over som leikleiar då Lars-Olav Tveita drog til Stord.
Torsdag 4/12 var siste øvingskvelden i 1975.

Elles er å opplysa at Olav Helland har vore vår trufaste og flinke spelemann i leikarringen. Han har også stått for musikken til dei tre kursa vi har hatt i dette året.

Så vil vi i leikarringstyret takke for dette året til deltakarane i leikarringen og til spelemannen vår.
Vi vil også ynskja dykk vel møtt på leikøvinger i 1976.

Styret i leikarringen har vore: Lars-Olav Tveita, Anne Sofie Totland, Terje Lie og Ragnhild Nesse.

R.N.

## Skyttarlaget

1975 har vore eit bra år for skyttarlaget med fleire nye skyttarar.

I bygdelagstevlinga på Nesttun 21/9 vann Sunnfjordlaget på 1.114 p. føre Sognalaget.
Me fekk ikkje fullt lag, men ein ny medlem Vegard Skavhellen vann individuelt med 234 p. Forutan han deltok Oddvar Drange, Olav Bjørgen og Jan M.Helland, også ny.

Sunnabukruset vart avvikla 27/9 etter nytt program: lo skot på loo og 3oo m. med stillingsrespitt.
Oddvar Drange vann på 191 p., nr. 2 vart Samson Bakke og 3. plassen gjekk til Jan M. Helland. 5 mann deltok i alt.

Til gjengjeld hadde me i år dameklasse. Dei hadde 15 skot liggjande loo m. Her vann Dagny Neverdal på 119 p. framfor Brit Bjørgen og Anne Sofie Totland.

Styret har 1 1975 vore: Samson Bakke (formann), Sebjørn Frøkedal og Olav Bjørgen.

S.B.

Sunnavind

Bladet har kome ut med 11 nummer i 1975. Dette er faktisk eitt nr. meir enn i 1974, så bladstyret er godt fornøgd. Formatet har vore det same hendige som tidlegare (4 sider i A-5), så ein kan etterkvart sei at avisa byrjar finna si form og sitt andlet (men så har ein også hatt god kontinuitet i bladstyret).

Lesarane har etter måten vore flinke til å bidra både med reisebrev og innlegg, sjølv om purringar må til. Styret ved formannen har også bidratt med mykje godt nytt. Bladstyret sin faste stab av medarbeidarar har referert lagsmøter og redigert meir og mindre faste spalter og dessutan sytt for at bladet har kome ut til rett lem til rett tid (med frimerke).

Magnhild Arholm og Audun Otteren har vore utsendte medarbeidarar. Brit Brakestad Bjørgen har teke seg av "lay-out" og Hans Heie har sytt for kontinuiteten og bladet sitt andlet. Dessutan har bladstyret hatt eit dugande redaksjonsbud ved Svein Bua og som konsulent i særs innfløkte spørsmål har vore nytta Sigmund Myklevoll.

Takk for innsatsen.

Bladstyret v/A.O.

Sunnabu

Aktiviteten på "Sunnabu" har i 1975 vore svært god. Overnattingane jamt over året med ein topp i vinter- og vårsesongen. Sunnaburennet gjekk av stabelen 15. mars med sjelden stor deltaking. Ellers har det vore tradisjonell 17. mai-fest og nyttårsfeiring på hytta.

Haustsesongen vart nytta til ymse dugnadsarbeid, m.a. vart golvet isolert. Dei vidare planane om utviding har vore mykje diskutert, og det ligg føre fleire alternativ for utbygging. Vi vonar at lagsfolk er intressert i å gjera dugnadsarbeid slik at vi kan setja planane ut i livet i 1976.

I hyttestyret har desse vore med: Olav Bjørgen (form.), Gunnbjørg Skålevik, Kjell Matre, Oddvar Drange og Kari Aarbakke. Varamenn: Magne Ro og Dagny Neverdal.

K.Aa.

Spellaget

Styret har i året som er gått hatt følgjande samansetjing: Per Olav Kaldestad, Olav Fjæra, Ragnhild Nesse, Audun Otteren og Torill Strømme (form.).

Styret har arbeid for å få medlemene i laget med på aktivt teaterarbeid, noko som har synt seg svært vanskeleg. På eit møte vi arrangerte i haust, møtte ingen utanom spellagsstyret opp.

Til trass for den dårlege oppslutnaden fekk vi synt fram to skjetsar på haustfesten, den eine skriven av Olav Fjæra.

Elles har vi lest ein del litteratur for å finna eit brukbart teaterstykke vi kunne setja opp. Vestlandske Teaterlag har her vore til god hjelp.

Planane for våren er å lage eit kartotek, eit skikkeleg oversyn over manuskript som laget eig, og å gjera ein ny freistnad på å få folk med på aktivt teaterarbeid.

Underteikna deltok på teaterkurs på Stord 24. - 26. oktober.

T.S.

## Gubbelaget

Gubbelaget vart offisielt skipa på årsmøte i hovudlaget i 1975.
Eit utval med Lars Bruntveit, Petter Ersvær og Kjell Matre som medlemer, hadde ei tid på førehand arbeidd med å laga forslag til vedtekter for gubbelaget. Forslaget hadde vore drøfta på "gubbetreff" og vart så endeleg lagt fram for årsmøte i hovudlaget.

På årsmøtet vart dei som hadde vore med i det førebuande utvalget valde til styre i laget.

Framover hausten 74, i førebuingstida, hadde gubbane nokre samkomer. Mellom anna drøfta dei eit programopplegg til å ha føre på eit møte i hovudlaget. Når då opplegget var klart, møte var tillyst og alt såg ut til å gå etter planen, då melde vanskane seg. Første gongen kom ei nominasjonsmøte i vegen, andre gongen sjukdom og tredje gongen fauk ein av gubbane til Svalbard. Tredje gongen valde ein likevel å kjøyra programmet med "innskrenka" mannskap, men dei var ikkje meir "innskrenka" enn at dei klarte jobben.

Ut over vinteren og på haustparten har det vore samkomer rundt i heimane hos gubbane. Programmet har kvar gong vore det same (det betyr ikkje så mykje for gubbar som har gått i frø, dei huksar ikkje frå møte til møte). Maten derimot har variert frå bukkehalesuppe til rjomegraut.

P.E.

## Studienamda

Nemda har i år ikkje sett i gong noko kurs.

Med i studienemda har vore: Annemor Skår, Liv Tveita og Mariann Rand.

## Rådet

Petter Ersvær, Sebjørn Frøkedal, Per Ivarsøy, Ole Sæbø og Hjalmar Tvedt.

## Utsendingar til Bygdelagsnemdi

Svein Bua, Sigmund Myklevoll og Kåre Vierdal.

## Ettersynsnemda

Kjell Matre, Sebjørn Frøkedal og Lars Bruntveit (varam.)

WICHMANN
Motorfabrikk a/s

BOFINANS
BO
SPAREBANKENS
låneordning for hus,
leilighet, modernisering
Be om brosjyre.
BERGENS SPAREBANK
SPAREBANKEN
- BANKEN DER DU BOR -

# sentralt i by og bygd

## HOVUDKONTOR

Rådstuplass 3, Bergen

## BYFILIALAR

Bergen Busstasjon
Eikeviken
Inndalsveien
Landås
Nyborg
Paradis
Skjoldtun
Smiberget
Strandgaten

## AVDELINGAR

ARNA, Ytre Arna
Indre Arna
ASKØY, Kleppestø
Ask
Follese
Ravnanger
FJÆRLAND
FLORØ
HØYANGER
KNARVIK, Isdalstø
Frekhaug
OS
OSLO
OSTERØY, Lonevåg
SOGNDAL
SUNNHORDLAND, Stord
VADHEIM



VESTLANDSBANKEN

# ÅRSMELDING

## for Bygdelaget

# SUNNHORDLENDINGEN

## 1976



BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

Bygdelaget Sunnhordlendingen vart skipa i 1919. I føremålsparagrafen står det at laget vårt skal:

a) Fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller ikring Bergen.

b) Arbeide for å spreie opplysning om den rike kultur- og sogetradisjonen i sunnhordlandsbygdene.

c) Vere til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen.

Sunnhordlendingen har lagsmøte annakvar torsdag. På desse møtene freistar me å få med både skjemt og alvor. Ofte har me vitjing av ein føredragshaldar, men me satsar og på at lagsmedlemene sjølv skal stå for aktivitetane. Ellers har folkedansen stor plass i lagsarbeidet og laget skipar regelmessig til kurs i ulike dansar.

Dei torsdagane det ikkje er lagsmøte har leikarringen øving. Der prøver me oss med både lette og vanskelege dansar, så det er ikkje keisamt for hverken nybyrjarar eller dei som er lengre komne.

I skodespelargruppa kan dei som har interesse for amatørteater få utfalda seg. Me brukar å vise stykka på tilskipingar laget har og det hender og me reiser omkring i sunnhordlandsbygdene med dei.

Så har me hytte på Kvamskogen, SUNNABU. Der er det plass til 30 stykke, og det er ikkje få helgar, både sumar og vinter, der er fullt hus og stor stemning.

Me har og eige lagsblad. Dette freistar me få ut føre kvar lagskveld. Her vert alle tilskipingane utlyst, fellesturar til hytta gjort kjent og medlemmene vert underretta om kva som elles skjer i laget. Lesarbrev og diskusjonar om lagsarbeid er og å finna i bladet.

Me har desse særlaga: Leikarring, Spellag, Skyttarlag, Hyttegjeng, Bladstyre og Gubbelag.

# Stord Elektro a/s

5410 SAGVÅG

Elektriske Installasjoner

Elektromekanisk Produksjon

# ÅRSMELDING 1976

Det 56. arbeidsåret i Bygdelaget Sunnhordlendingen må jamnt over seiast å ha vore eit av dei gode for laget, jamvel om me som vanleg har hatt ein heller trong økonomi.

Likevel har me funne plass på budsjettet til ei utbygging av lagshytta "Sunnabu", som no presenterer seg gildare enn nokon gong før.

Medlemstalet i 1976 har vore 130, noko som er rekord i lagssoga vår. Dette får me tru dels skuldast god reklameverksemd på leikarringsøvingar og gamaldanskurs, men når folk dessutan melder seg inn og møter på andre lagsaktivitetar, får me i tillegg rekna med det er eit teikn på at dei trivst i laget. Me har freista tilby eit allsidig program på lagsmøta, og det har vore jamnt god deltaking både på desse og på festane laget har skipa til.

Også i år har me stort sett halde oss i "Fensal" med lagsaktivitetane våre. Her har me hatt eit godt samarbeid med vaktmeister Bremnes og frue, noko me nyttar høvet til å takka dei for.

Bygdelaget Sunnhordlendingen er tilslutta desse samskipnadene:
Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag,
Bygdelagsnemndi i Bergen, FN-sambandet, Vestlandske Teaterlag og Teatersentralen.

I hovudstyret har siste året vore:
Anders Kåre Engevik (formann)
Lars Sigurd Valvatne (nestformann)
Kari Aarbakke (kassastyrar)
Magnhild Arholm (skrivar)
Astrid Hildal (styremedlem)

Anders Kåre Engevik

# Stord Motorhotell

AUD og LEIV M. TVEITA, tlf. (054) 10544
5400 STORD

"I staden for å reisa til "Sunnabu,"
dreg me til "Stord Motorhotell,
der "bror din" tek vel imot dykk"



VI HAR KØYRERUTER PÅ STORD, FITJAR, BØMLO
TYSNES OG KVINNHERAD

SPØR DYKKAR HANDELSMANN ETTER FRUKT OG GRØNSAKER
FRÅ

A/L GARTNERHALLEN
TELEF. 10634
5400 STORD

MØTE - DANS - FEST

22.01. Lagsmøte i Fensal

På første lagsmøtet i 1976 tok lektor Tore Lund oss med til Israel. Han hadde eit svært interessant kåseri og synte ljosbilete frå dei mest namngjetne stadene i det heilage landet. Mat og kaffi, leik og dans til musikk av Helland og Thorsvik. Ca. 40 frammøtte. Svein Bua leia møtet.

05.02. Årsmøte i Fensal

Møtet vart opna av formannen, som og vart vald til møteleiar. Otto Arne Utkilen vart vald til referent. Årsmeldinga blei godteken utan merknader. Etter nokre kommentarar vart rekneskapen for hovudlaget samrøystes vedteken. Rekneskapen for "Sunnabu" vart vedteken utan merknader, og rekneskapen for leikarringen blei godkjend med små merknader. Det vart noko fram og tilbake ved val av formann i hovudstyre og hyttestyre, men ellers gjekk valet greitt.
Studienemnda vart vedteken nedlagt, og styret skal evt. administrera studiearbeid seinare. Det vart vedteke at kontingenten i laget skal vera kr 30,- pr. år.

19.02. Lagsmøte i Fensal

Vi fekk hyggeleg vitjing frå visegruppa "Askeladden". Sidan det var skotår, varta dei opp med friarviser i ulike utgåver. Så no har sunnhordlandsjentene lært nye "smeikjeord" til dei skal gå "på tusko". Ca. 50 frammøtte. Helland/Sørdal/Hanto spela. Lars Sigurd Valvatne leia møtet.

04.03. Lagsmøte i Fensal

Eivind Buanes kåserte om stadnamn og stadnamngransking. Dette var tydeleg eit emne som fengde. Ein del spørsmål kom fram under foredraget. Men dei fleste nytta høvet til å utvida kunnskapene sine i pausen. Anders Engevik var møteleiar. Helland og Thorsvik sytte for dansemusikk og 40 frammøtte svinga seg.

18.03. Lagsmøte i Fensal

Med store voner ønskte Engevik oss 35 sunnhordlendingar velkomne og gav ordet til Gubbalaget. Gubbane var i storslag og innfridde vonene våre, med m.a. sjøllaga spelstykke om det aktuelle emnet "Folgefonnsvegen/Åkerfjordsvegen" med Per Ivarsøy, Lars Bruntveit, Olav Fjæra og Kjell Matre i hovudrollene. Hjalmar Tvedt fylgde tradisjonen med gode viseinnslag. Hanto/Sørdal/Thorsvik spela. Gubbane slo til med heimsleg matrett: surmjølk og kavring.

01.04. Lagsmøte i Fensal

Denne kvelden heldt vi til i storsalen. Åsane Folkehøgskole gav til gode eit storstilt program, som dei synbert hadde lagt ned mykje arbeid i. Scene- og lysmeisteren var svært dugande. Musikkanlegg og overhead-prosjektor vart og tekne i bruk for å laga ei råme kring aktørane som meistra rollene sine svært godt. Gjennom ord, tonar, mime og ballett fekk vi del i kjende

eventyr og hende frå dagleglivet. 70 menneske trødde dansen til låtar frå Helland/Thorsvik. A. K. Engevik var møteleiar. Ein viktig programpost var utdeling av premiar frå Sunnaburennet.

29.04. Lagsmøte i Fensal

Det hadde lukkast oss å få tak i Per Håland, travel redaktør i Gula Tidend, og han gav oss eit velforma kåseri. 40 menneske. Sørdal/Hanto/Helland spela. Lars Sigurd Valvatne leia møtet.

13.05. Lagsmøte i Fensal

Etne-lyrikaren Ingvar Moe fortalde og las mange eigne dikt. Vi visste stort sett berre at han hadde motteke "Vesaas-prisen" for debut-boka "Løktestolpefrø", skriven på Etne-dialekt. Men vi tykte vi blei godt kjende med han denne kvelden, fordi vi kjende oss så godt att i dikta hans. Og at der var kontakt frå sinn til sinn, fortalde den intense stilla i salen oss. Og det er første gong vi har opplevd slik spontan applaus i vår sal. Vi gled oss til neste møte. Leiar: Anders Kåre Engevik. Spelemenn: Sørdal/Hanto/Helland; 50 menneske.

12.06 Sesongavslutning på "Sunnfjordheimen"

Komitéen, der båe laga var representerte, hadde gjort godt arbeid, så vi blei trakterte med heimelaga mat. Til ære for vertslaget blei det reprise på sketsjen "Mens me ventar på dampen". Svein Inge Hansen og Magnhild Arholm song viser. Asbjørn Svardal var festleiar og Atle Kolbeinsvik spelemann.

09.09. Lagsmøte i Fensal

Særlaga skulle presentera seg. Magne Ro viste film frå "Sunnabu". Magnhild Arholm viste lysbilete frå Ørsta/Volda og Nordleik. Vi fekk låna bileta hos Oddvar Bakke i B.U.L. Ingebrigt Flønæs m/fylgje dansa pols og fortalde om opplegget for Leikarringen. Elisabeth Fjæra og Kari Aarbakke bar fram helsing frå Gubbelaget gjennom ein sjølskriven dialog. 35 frammøtte. Kolbeinsvik spela til dans.

23.09. Lagsmøte i Fensal

Vår eigen Olav Fjæra synte film: "Livet i Fjæra", sommarminne frå ein tur på Folgefonna og høyonn i Åkerfjorden. Vakker fotografering og livfulle kommentarar. Møteleiar: A. K. Engevik. 45 frammøtte. Spelemann: Kolbeinsvik.

07.10. Lagsmøte i Fensal

Gjensyn med dei unge Sunnhordlandslyrikarane Per-Olav Kaldestad og Sigbjørn Heie. Dei las frå si nyaste dikting, både prosa og poesi. Møteleiar: Anders K. Engevik. 65 var til stades. Musikk: Helland/Bolstad.

21.10. Lagsmøte i Fensal

Formannen vår, Engevik, hadde vore på reise gjennom Sibir i sommarferien. Han hadde tatt mange gode lysbilete og opplevd mykje

interessant, og desse røynslene delte han med oss gjennom eit time-langt kåseri, humørfylt og velskrive. Tida flaug og det var stor stemning. Spelemenn: Bolstad/Helland. 40 frammøtte.

04.11. Lagsmøte i Fensal

Lindås Gymnas framførde eit lyrikkprogram dei hadde sett saman sjøl. Både "stoffval" og opplesning vitna om godt forarbeid. Elevar og lærarar frå skulen deklamerte med tonefølgje av Rune Alver. Spelemenn: Helland/Bolstad. 45 tilstades. Møteleiar: Anders K. Engevik.

13.11. Haustfest

1) Festleiar: Anders K. Engevik
2) Pianomusisering: Rune Alver
3) Festtalar: Brannsjef Toralv Moe (ekte sunnhordlending)
4) Moromann: John Einar Lavik (sogning til lån)
5) Reserver m. song og gitarspel: Svein Inge og Magnhild
6) Førsteframsyning av nytt spelstykkje av Olaguten v. spellagsstyret: Ragnhild, Torill, Svein, Audun og Magnhild + Astrid H.
7) Leikleiar: Kjell (ja på første oppmoding!)
8) Musikk: Nordahls duo
9) Festmåltid: Gryterett, heimebaka kaker.
Kjøkkensjef: Annemor.

Konklusjon:

Hatten av for festnemnda: Vakker borddekning - Velsmakande mat - Lettbedne aktørar og spelemenn - Svært takksamt publikum - God stemning - 110 menneske trødde dansen.

18.11. Lagsmøte i Fensal

Dette møtet kom nær innpå (haust)festen vår, men vi kan berre seia oss leie for at så få, 30 i talet, såg seg råd med å koma. Vi opplevde nemleg eit fengslande møte med professor Gunnar Aksnes. Han stelte vitskapsmannen i forhold til faget sitt, og til livet. Hovudbodskapen hans var: "Vert trua på vitskapen åleine sett i høgsetet, vil dette gje nøring til forskartrongen, men svelte-fora sjela." Aksnes fortalde om sin løyndestad i den stille Dikøynaturen, og han skildra i lyriske ordelag den sælebot slik god einsemd kan gje til eit annsamt menneskesinn.
Ander K. Engevik leia møtet. Helland/Bolstad spela.

02.12. Julemøte i Fensal

Willy med morostubbar gjorde stor lukke - som alltid. Songgruppa "Hercules" frå Lærarskulen med leiar Jardar Skådel var og eit hyggeleg innslag i ei mørk førjulstid. Repertoaret var humoristisk med små alvorsblenk innimellom. Styret serverte sjøllaga julegraut og julebrød. Spelemann Helland og Svein Inge fann dei to mandlane, men har premien til gode.

Medrekna dei mannsterke "Hercules" var 94 personar innom møtet. Vaktmeisterparet vårt, herr og fru Bremnes, fekk velfortente blomar og gode ord for all velvilje vi har møtt. Formann Anders hadde og gjort seg fortent til ein blomebunt. Også andre lagslemer fekk skryt og godlæta denne rause desemberdagen.
A. Engevik møteleiar. Helland/Thorsvik spelte til dans.

Z/Z

Sunnhordland

Kraftlag

2 postar distribuert : musikk heimfest forfatterveldin

REKNESKAP FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN FOR 1976

## Resultatkonto pr. 31/12 1976

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Husleige | Kr | 2.966,00 | | |
| Mat | " | 3.398,30 | | |
| Lysingar | " | 1.034,40 | | |
| Musikk og underhaldn. | " | 5.346,50 | | |
| Lagsutgifter | " | 1.366,35 | | |
| Kontigent til H.U. | " | 1.576,00 | 1649,- att til skl. fø | |
| Årsmelding | " | 427,00 | | |
| Trykking av Sunnavind | " | 35,00 | | |
| Gåver og premiar | " | 471,30 | | |
| Kassa pr. 31/12-76 | " | 518,95 | | |
| Bank pr. 31/12-76 | " | 4.100,61 | | |
| Postgiro pr. 31/12-76 | " | 1.478,65 | | |
| Inngongspengar | | | Kr | 9.596,25 |
| Medlemspengar | | | " | 3.825,00 |
| Loddsal | | | " | 1.425,50 |
| Støtte frå Bergen Kommune | | | " | 1.700,00 |
| Lysingar i årsmeldinga | | | " | 650,00 |
| Renter | | | " | 121,70 |
| Kassa pr. 1/1-76 | | | " | 269,45 |
| Bank pr. 1/1-76 | | | " | 5.003,91 |
| Postgiro pr. 1/1-76 | | | " | 127,25 |
| | Kr | 22.719,06 | Kr | 22.719,06 |

## Eiga pr. 31/12 1976

| | | |
|---|---|---|
| Kontantar | Kr | 518,95 |
| Bank | " | 4.100,61 |
| Postgiro | " | 1.478,65 |
| Lagsfond | " | 104,27 |
| 2 lutar i L/L Bygdehus | " | 2.000,00 |
| Fane | " | 1.500,00 |
| Målarstykke | " | 500,00 |
| Varmeovn | " | 100,00 |
| Skrivemaskin | " | 200,00 |
| | Kr | 10.502,48 |

Kari Aarbakke
kassastyrar

Bergen, 31/12 1976
19/1 1977

Kjell Matre
Sebjörn Frökedal
ettersynsmenn

REKNESKAP FOR "SUNNABU"

Resultatkonto pr. 31/12 1976

| | | |
|---|---|---|
| Brensel, straum | 1.178,4o | |
| Vedlikehald, drift m.m. | 695,2o | |
| Forsikring og avgift | 325,oo | |
| Nyinvestering | 7.424,6o | |
| Overnattinger, utleige | | 4.213,- |
| Straumautomaten | | 857,- |
| Renteinntekter | | 164,44 |
| Andre inntekter | | 436,6o |
| Stønad frå Feriefondet | | 3.ooo,oo |
| Underskot | | 952,16 |
| | 9.623,2o | 9.623,2o |

Balanse pr. 31/12 1976

| | | |
|---|---|---|
| Hytta | 38.ooo,- | |
| Kassa pr. 31/12-76 | 4o3,- | |
| Bank pr. 31/12-76 | 1.182,23 | |
| Underskot drift | 952,16 | |
| Eigenkapital | | 38.ooo,oo |
| Kassa pr. 1/1-76 | | 46,4o |
| Bank pr. 1/1-76 | | 2.49o,99 |
| | 4o.537,39 | 4o.537,39 |

Gunnbjørg Skålevik
kassastyrar

REKNESKAP FOR LEIKARRINGEN

Resultatkonto pr. 31/12 1976

| | | |
|---|---|---|
| Inntekter gamaldanskurs i januar | kr 4.570,00– | |
| " " " i september | " 3.130,00– | |
| Renter for 1975 | " 37,13 | |
| " for 1976 | " 138,54 | |
| Kasse pr. 1/1-76 | " 1.946,02 | |
| Utgifter gamaldanskurs i januar | | kr 1.664,40 |
| " " " i september | | " 2.125,00 |
| Musikk | | " 898,00 |
| Instruktør | | " 150,00 |
| Husleige | | " 490,00 |
| Kursavgift | | " 508,00 |
| Songhefte | | " 42,00 |
| Mat | | " 156,79 |
| Kasse pr. 1/1-77 | | " 3.787,50 |
| | kr 9.821,69 | kr 9.821,69 |

Otto Arne Utkilen
kassastyrar

Bergens Tidende
– hele familiens avis –

Sunnhordland
Planteskule
– JOHS. HELLAND –
TELEF. (047) 21127
VALEVÅG

ÅRSMELDING FRÅ SÆRLAGA OG ANDRE TILTAK 1976

Leikarringen

Vi starta opp arbeidet i leikarringen med å arrangera eit nybyrjarkurs. Det tok til 21.01. og gjekk over 6 kveldar. Deltakarantallet var vel 80 personar. Instruktør var Jon Låte og Helland stod for musikken. Etter at kurset tok slutt, starta dei vanlege øvingane annankvar torsdag. Jon gav oss ei hjelpande hand i oppstartinga, men det gjekk ikkje lenge før vi fekk fast instruktør, Ingebrigt Flønæs.

Det var nok ganske god oppslutnad om øvingane i vår, men av ein eller annan grunn vart det ofte stort overskot av gutar på desse øvingane. Siste øving før sumarferien var 20.05. Då hadde vi hatt 7 øvingar. I sumarferien var det ein del av oss leikinteresserte som møttest til leik og fest på N.U.-stemna i Ørsta/Volda og på Nordleik i Trondheim.

Så kom hausten att, og da starta vi på nytt om med nybyrjarkurs. Denne gongen var det Ingebrigt som instruerte medan Helland, som så ofte før, spela for oss. Her var der også fullt når det gjeld deltakarantallet, 80 personar. Då dei høyrde at Ingebrigt skulle stå for instruksjonen i leikarringen, var det svært mange som melde seg inn i Sunnhordlendingen, og vart flittige deltakarar på leikøvingane. Denne gongen har det heldigvis vore passe fordeling på gutar og jenter. Vi har vore ca. 30 personar på kvar leikøving i haust og har hatt 7 øvingar.

I tillegg til leikøvingane har vi vore gjester på Vestlandsheimen fleire gonger og ein del av oss har vore med og dansa på Attføringsinstituttet.

Vi har i heile året vore så heldige og hatt Helland som fast spelemann. Det er vi svært glade for. Mykje av årsaka til den gode oppslutninga om leikarringen i år, har nok vore (det gode humøret og) den fine instruksjonen Ingebrigt har gjeve oss. Takk til Helland og Ingebrigt.

Utanom dette har vi i styret, Astrid Hildal, Otto Arne Utkilen, Hans Vale og Ragnhild Nesse hatt nokre styremøter. Vi har hatt to utsendingar til eit leikleiarkurs på Voss i haust. Det var Astrid Hildal og Ragnhild Nesse. Økonomien har vore god og Otto Arne har halde godt rede på inntektene og utgiftene.

R.N.

Skyttarlaget

1976 har dessverre ikkje vore av dei mest aktive for skyttarlaget.

Bygdelagsskytinga kom på eit litt uhøveleg tidspunkt, så den passerte utan deltaking frå Sunnhordlendingen.

Laurdag 02.10, vart skytinga om Sunnabukruset avvikla på skytebana i Fana. Det var møtt fram 4 deltakarer. Resultat: Samson Bakke vann med 190 poeng framfor Jan Magne Helland, 189 poeng.

I dameklassen var det inga deltaking i 1976.

O.B.

Sunnanvind

Bladet har kome ut også i år. Bladstyret starta friskt i året -76 med eit nr. kvar månad. Nye faste spalter vart introdusert (til dømes spalta "For 50 år sidan") og det var god tilgang på reisebrev og sosietetsnytt. Men alt i april var bladstyret overarbeidt og måtte ta sumarferie.

I september fekk bladstyret ei påminning frå hovudstyret om at no var det snart lagsmøte att. Dette medførte at det kom ut eit nr. til. Dette vart så vellukka at resten av året kvilde bladstyret på sine laurbær. Dei som kvilde var Magnhild Arholm, Hans Heie, Audun Otteren, Lars Sigurd Valvatne og Margot Våge.

A.O.

Sunnabu

Hytta vår har også dette året samla mange sunnhordlendingar til ferie, hyttekos og fysiske utskeiingar i form av skigåing og dugnadsarbeid.

Sesongen starta i god "Sunnabu"-tradisjon med nyttårsfeiring og seinare på vinteren var det mange som nytta høve til å syna kor gode dei var å gå på ski både i Sunnaburennet (som vart avvikla i eit heller tungt føre) og elles om helgane.

Me var ikkje for vel ferdige med 17. mai-høgtidinga før enn det store dugnadsarbeidet: innkledning av "huk" starta med stor arbeidslyst og godt humør. Utover sommaren og hausten vart arbeidet fullført, så no står hytta der med ny, fin gang og større nymalt kjøken, - med oppvaskbenk. "Ny" komfyr og støvsugar har me og fått. Me takkar for innsatsen og vonar mange vil nyta godt av vår framifrå utferdsstad: "SUNNABU".

I styret har desse vore med: Kari Aarbakke (formann), Gunnbjørg Skålevik (kasserar), Olav Bjørgen, Dagny Neverdal og Magne Ro.

K.Aa.

Spellaget

Heller ikkje i år klarte vi å finne fram til fleire folk som kan tenkje seg å vakle ut på dei skrå bredder. Aktivistane/aktørane har derfor bestått av styret + nokre få andre modige.

Forestillingar:

a) "På kaien i Ølen" - spela to gonger.
   1. gong: I Fensal på eit lagsmøte.
   2. gong: På Sunnfjordheimen.

b) "Sonen" av Olav Fjæra, uroppført på Haustfesten 1976. Her blei forøvrig ei ny stjerne født. Vi seier ikkje meir.

Aktiviteten kan synast liten, men det er den slett ikkje. Berre dei innvidde veit kor mykje oppofrande slit og nervepirrande prøving som ligg bak kvar replikk.

Planar for det nye året overlet vi til det nye styret med fylgjande oppfordring: Ikkje eit år uten nok eit epos i serien: "Soga om Møyfrid Glad!"

T.S.

## Gubbelaget

I styret for Gubbelaget 1976 sat Olav Fjæra (formann), Hjalmar Tvedt og Sebjørn Frøkedal.

Også dette året fekk "gubbane" syna at dei i gode stunder kan meir enn å "mimra". På lagsmøtet 18.03. synte dei fram "Den nye vegen", skreven og sett i scene av Olav Fjæra.

I stykket vart det kasta "rampeljos" over striden om linevalet for vegen mellom Kvinnherad og Fjæra langs Åkrafjorden, eller gjennom tunnel under Følgefonna frå Mauranger til Odda. Meiningsstriden var kvass, og i stykket enda det i departementet, som på vanleg byråkratvis (ved å kasta mynt-krona) tok standpunkt til linevalet, som vart tunnel under Følgefonna.

Spelgubbar var: Olav Fjæra, Hjalmar Tvedt, Lars Bruntveit og Kjell Matre. Hjalmar var også frampå med eigne viser, medan "almugen" knaska kavring med surmjølk attåt.

Skal grå gubbehjerneceller verta istand til skapande aktivitet, må dei på ein eller annan måte tinast opp. Denne prosessen gjekk føre seg heime i familien Hjalmar Tvedt's lune "reir" ute på Flesland. Kona i huset fortener all heider og takk for all kroppsleg føde, og ikkje minst fôr sitt tolmod og venlege sinnelag.

K.M.

## Rådet

**Petter Ersvær, Per Ivarsøy og Sebjørn Frøkedal.**

## Utsendingar til Bygdelagsnemndi

**Anders Kåre Engevik, Svein Bua og Sigmund Myklevoll.**

## Ettersynsnemnda

**Kjell Matre, Sebjørn Frøkedal, Hjalmar Tvedt, Ole Sæbø og Kjell Bruntveit (varamann).**

Lars

# ...gjennom sparing får du låneretten

**Kom inn og la oss bli kjent...**



**VESTLANDSBANKEN**

Bergen - Fjærland - Florø - Frekhaug - Høyanger - Indre Arna - Isdalstø - Kinsarvik - Kleppestø - Lofthus - Lonevåg - Nå - Os - Oslo - Sogndal - Stord - Vadheim - Ytre Arna - Øvre Eidfjord


A.s John Griegs Boktrykkeri

# ÅRSMELDING
## for Bygdelaget
# SUNNHORDLENDINGEN
## 1977



REKNESKAP FOR "SUNNABU"

Resultatkonto pr. 31.12.77

| | | |
|---|---|---|
| Brensel, straum | kr 1 601,05 | |
| Vedlikehald, drift m.m. | kr 1 486,30 | |
| Pokalar, renn/skyting | kr 414,20 | |
| Forsikring og avgift | kr 398,00 | |
| Nyinvestering | kr 179,65 | |
| Overskot | kr 2 295,99 | |
| Overnattingar, utleige | | kr 3 421,00 |
| Straumautomaten | | kr 636,00 |
| Renteinntekter | | kr 129,79 |
| Andre inntekter | | kr 190,90 |
| Stønad frå Fritidsseksjonen | | kr 2 000,00 |
| | kr 6 375,69 | kr 6 375,69 |

Balanse pr. 31.12.77

| | | |
|---|---|---|
| Hytta | kr 38 000,00 | |
| Kassa pr. 31.12.77 | kr 226,80 | |
| Bank pr. 31.12.77 | kr 3 654,42 | |
| Eigenkapital | | kr 38 000,00 |
| Kassa pr. 01.01.77 | | kr 403,00 |
| Bank pr. 01.01.77 | | kr 1 182,23 |
| Overskot drift | | kr 2 295,94 |
| | kr 41 881,22 | kr 41 881,22 |

Margot Våge
kassastyrar

REKNESKAP FOR LEIKARRINGEN

Resultatkonto pr. 31.12.77

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Inntekter på polskurs og springarkurs | kr | 7 060,00 | | |
| Inntekter på arrangement i Sveio | kr | 400,00 | | |
| Oppvisning på turistbåt | kr | 1 200,00 | | |
| Bank pr. 01.01.77 | kr | 3 787,50 | | |
| Renter 1977 | kr | 242,32 | | |
| Leikkurs på Stord | | | kr | 410,00 |
| Instruksjon, kurs og lagsmøte | | | kr | 975,00 |
| Musikk, kurs og leikarring | | | kr | 1 805,00 |
| Annonser | | | kr | 382,55 |
| Blomar og gåver | | | kr | 322,00 |
| Husleige, kurs og leikarring | | | kr | 2 270,00 |
| Utgifter til Sveiotur | | | kr | 570,00 |
| Kontorrekvisita, diverse | | | kr | 201,75 |
| Folkedansbøker | | | kr | 202,00 |
| Underskot på haustfest | | | kr | 637,00 |
| Bank pr. 31.12.77 | | | kr | 4 914,52 |
| | kr | 12 689,82 | kr | 12 689,82 |

Arvid Holm
Kassastyrar

ÅRSMELDING FRÅ SÆRLAGA OG ANDRE TILTAK 1977

Leikarringen

Leikarringen opna sesongen med polskurs 17.02.77. Der var det ca. 60 deltakarar. Ingebrigt Flønæs instruerte og O. Helland spela, med noko støtte av Erling Berstad.

Etter at kurset slutta, heldt leikarringen fram med øvingar annankvar torsdag. Vi hadde same instruktør og spelemann som på kurset. Vi hadde i alt 6 øvingar i vår.

I tillegg til dette var Astrid Hildal og Ragnhild E. Nesse på leikrådsmøte på Stord 04.-06.03. Der møttest leikarringsfolk frå heile Hordaland.

Så lyt vi heller ikkje gløyma PR-turen leikarringen hadde til Sveio 06.-08.05. Der hadde vi fest på samfunnshuset saman med Auklandshamn Ungdomslag. Vi var 16 stykke der, pluss 3 spelemenn (Helland, Erling og Kåre).

Mange av oss var og på leikfest i Jondal.

Av framsyningar i vår kan nemnast: Framsyning for Bennet Reisebyrå og 3 par som var med i den store fellesleikarringen og dansa i Håkonshallen 02.06. under Folkedansgildet -77.

Vi slutta av 05.05., men ein god del av oss møttest i sommar både på landsstemna på Gol og landskappleiken i Lillehammer.

Så er vi komne til hausten. Vi starta med ei leikøving 29.09., men så kom Vestlandsspringarkurset 19.10. Hermann Olsen instruerte og Helland og Erling spela. Det var 56 deltakarar. Etter kurset har vi hatt 4 leikøvingar.

To framsyningar har det også blitt, ein kveld på Nevengården sykehus og ein kveld på Johannes menighet's aldershjem.

Leikarringen har også stått for programmet til to av langsmøta i haust. På det eine hadde vi skaffa instruktør frå Fermann og Gunero danseskole, som arrangerte lynkurs i tango. Det andre programmet var med Marta Omvik. Ho kåserte og synte fram fleire døme på bunadstradisjonar i Sunnhordland.

Oppslutninga om leikøvingane har vore svingande gjennom heile året, frå 10 - 30 personar, men jamtover kan ein seia at det har gått bra.

Vi vil så gi ei spesiell takk til O. Helland og Ingebrigt Flønæs for god innsats og godt samarbeid.

R. N.

**Spar først,**
**lån siden**

Velkommen i banken
for en prat om
sparelånsformer.




BERGEN BANK

**Bospar kr. 800,– pr. mnd. i 5 år**
**i Fana Sparebank**
**og du disponerer kr. 296.000,–**
**til boligformål**

# FANA SPAREBANK

«Stor nok for de fleste!»

## Sunnavind

Sunnavinden har blese jamnt og trutt heile året. Sume tider ein frisk bris, men for det meste noko labert. Aldri før har det tekniske apparat for bladet fungert så godt. Vi kunne ha skrive og prenta mange, mange sider og sendt bladet ut endå fleire enn 12 gonger - om vi berre hadde hatt stoff. Eller sagt med dette naudropet frå redaksjons-sekretær Margot i nummer 10:

> Vi etterlyser stoff. Det vert lenger og lenger mellom linjene i bladet vårt. Er det nokon som vil hjelpa så ikkje linjene forsvinn heilt?

Fleire har lova å koma med innlegg. Men skrivekløen har visst gitt seg når dei har klødd seg litt. Det har difor gått mykje på fyll-stoff, referat og lysingar.

Dei som har vore ansvarlege for lagsbladet i 1977 er Hans Heie, Lars Olav Tveita, Bente Mikalsen (distribusjon) og Margot Våge (redigering).

L. O. T.

## Sunnabu

Hyttestyret veit å fortelja at 1977 har gått stort sett som åra før på "Sunnabu". Ein kunne nok sett at endå fleire nye ansikt nytta hytta, men det har også i år vore jamt bra med overnattingar. Meininga var vel at dugnaden i år skulle kvila på sine laurbær, etter ein kjempeinnsats frå i fjor. Men eit krafttak vart det i år óg. Me starta med vask av stova, loft, soverom, gang og kjøkken, pussing av panner og kjerald, vasking av madrasse- og putetrekk. Sofabenker og stolar vart trekte med møbelstoff.

Nytt for året var det fantastiske karnevalet som det gjekk rykte på byen om. Ellers må ein ikkje gløyma det tradisjonelle "Sunnaburennet" med kamp og slit for førsteplassen.

Me takkar for innsatsen og vonar mange vil reisa på den koselege hytta med framifrå miljø.

I styret: Magne Ro (formann), Margot Våge (kasserar), Dagny Økland, Oddvar Drange og Thor Økland.

M. R.

## Gubbelaget

I styret: Olav Fjæra, Hjalmar Tvedt og Kjell Matre.

Til alle som har sakna "gubbane" sine kåte innslag i lagslivet dette året, kan det vera ei trøyst å vita at "den trauste garde" framleis kjem seg utav senga ved eiga hjelp. Og nå når solvarmen vender attende, og gikta kjennest mindre plagsom, skal ein ikkje heilt sjå bort frå at "gubbane" kan verta freista til nye åndelege rundkast.

K.M.

Skyttarlaget

Interessa for skyttarlaget har auka litt frå dei siste åra. Me stilte lag til Bygdelagsskytinga og fekk ein tredjeplass etter Sognalaget og BUL.

Oddvar Drange var best på vårt lag med 221 poeng.

Det var 7 deltakarar om Sunnabukruset, og det vart vunne av Eli Midthun med 191 poeng.

Det var også eigen dameklasse på 100 m. Der stilte 2 damer med eit litt enklare program.

Dagny Økland vann med 134 poeng.

O. B.

Spellaget

Spellaget har kvilt på visne laurbær frå ifjor.

Rådet

Petter Ersvær, Per Ivarsøy og Sebjørn Frøkedal.

Ettersynsnemnda

Kjell Matre, Sebjørn Frøkedal, Hjalmar Tvedt, Ole Sæbø og Kjell Bruntveit (varamann).

Utsendingar til Bygdelagsnemndi

Magnhild Arholm, Geir Henning Matre og Kari Åarbakke (varamann).

---

Sunnhordland Planteskule
JOHS. HELLAND
Bank: Fjære Sparebank, Førde i Hordaland - Postgiro: 5 72 08 91
Telefoner: (047) 71 127 - 71 134
Fruktтre, bærbuskar
roser, lauvtre og buskar, klatreplanter,
hekkplanter og nåletre.

NOTATER:

NOTATER:

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN

Bygdelaget Sunnhordlendingen vart skipa i 1919. I føremålsparagrafen står det at laget vårt skal:

a) Fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller ikring Bergen.

b) Arbeide for å spreie opplysning om den rike kultur- og sogetradisjonen i sunnhordlandsbygdene.

c) Vere til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen.

Sunnhordlendingen har lagsmøte annakvar torsdag. På desse møtene freistar me å få med både skjemt og alvor. Ofte har me vitjing av ein føredragshaldar, men me satsar og på at lagsmedlemene sjølv skal stå for aktivitetane. Ellers har folkedansen stor plass i lagsarbeidet og laget skipar regelmessig til kurs i ulike dansar.

Dei torsdagane det ikkje er lagsmøte har leikarringen øving. Der prøver me oss med både lette og vanskelege dansar, så det er ikkje keisamt for hverken nybyrjarar eller dei som er lengre komne.

I skodespelargruppa kan dei som har interesse for amatørteater få utfalda seg. Me brukar å vise stykka på tilskipingar laget har og det hender og me reiser omkring i sunnhordlandsbygdene med dei.

Så har me hytte på Kvamskogen, SUNNABU. Der er det plass til 30 stykke, og det er ikkje få helgar, både sumar og vinter, der er fullt hus og stor stemning.

Me har og eige lagsblad. Dette freistar me få ut føre kvar lagskveld. Her vert alle tilskipingane utlyst, fellesturar til hytta gjort kjent og medlemmene vert underretta om kva som elles skjer i laget. Lesarbrev og diskusjonar om lagsarbeid er og å finna i bladet.

Me har desse særlaga: Leikarring, Spellag, Skyttarlag, Hyttegjeng, Bladstyre og Gubbelag.



# Stord Elektro a·s

ÅRSMELDING 1977

Også i år har sunnhordlendingar møtst til hugnadsfullt samver i Fensal og på Sunnabu.

Talet på tilskipingar samsvarar med tidlegare år, frammøtet likeså; men "gløden" tykkjest vanta, og arbeidet kjennest tungt. Nokre få, trufaste ja-menneske er vårt største aktivum. STOR TAKK TIL DEI!

Andre er verre å fengja; og det vil vonleg vera ei brennande utfordring for komande krefter å få lagsarbeidet meir interessant og meiningsfylt enn vi har makta.

OVERSYN:

1. 15 lagsmøte (Ros og ære til Kristi og Magne for julegrauten!)
2. Haustfest.
3. Tur til Sveio, der vi arrangerte fest saman med Auklandshamn Ungdomslag.
4. Deltaking i fotballturnering med andre bygde- og bondeungdomslag med påfølgjande fest.
5. Januar 1978: Sunnhordlandskveld saman med BUL.
6. Formannen bar fram helsing og gåve (lysestake) frå laget ved 60-års-gildet for Sunnfjordlaget.
7. Medlemstalet, 87, speglar ofte av stoda i leikarringen. Nedgangen frå førre år har truleg samanheng med at nybyrjarkurset i gammaldans blei lagt til våren -78. Slik kursverksemd på haustparten plar gje godt "tilsig" til medlemskartoteket vårt.
8. Bladstyret er kome på fote igjen og har jobba trutt og godt. Varm takk frå oss i styret til dykk og dei andre særlagsfolka!
9. Vaktmeisterparet Bremnes har villig gjeve oss gode råd og ei hjelpande hand - og takk for det!
10. Fagre ord og gode ønskje også for dei trugne spelemennene våre, Helland og Bolstad!
11. Bygdelaget Sunnhordlendingen er tilsutta desse samskipnadene: Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Bygdelagsnemndi i Bergen, FN-sambandet, Vestlandske Teaterlag og Teatersentralen.

Magnhild Arholm

Desse har vore med i styret siste året:

Magnhild Arholm (formann)
John-Arne Slåke (nestformann)
Kristi Skår (styremedlem)
Geir Henning Matre (kassastyrar)
Astrid Hildal (skrivar)
Harald Aarbakke (varamann)

Bergens Tidende

# hele familiens AVIS

MØTE - DANS - FEST

13.01. Lagsmøte i Fensal

I ei hustrig vintertid varma dei godt i sjela, dei nydelege sommarminna som blei synte på lerretet. Det var Arnljot Grytøyr frå Ervingen som vitja oss med lysbilete. Vi ønskjer Arnljot velkommen att, men vonar også at våre eigne lagslemer vil ta fram fotoapparatet. Helland/Bolstad spela, A. K. Engevik møteleiar, 35 frammøtte.

M. A.

20.01. Lagsmøte i Fensal

"Kåraste Bröder"! Vi ser fram til neste møte, både med dykk og Bellman og andre kjendsfolk. Godt humør er eit verdig varemerke som vi sunnhordlendingar veit å setja pris på. Helland/Bolstad spela. A. K. Engevik leda møtet. 36 frammøtte.

M. A.

24.02. Lagsmøte i Fensal

Titos Jugoslavia tykkjest langt borte for dei fleste av oss. Men det rykte nokre skritt nærare gjennom Geir Hennings livfulle skildring og bilete. Han har budd der eit halvt års tid, då han var knytt til den norske helsetenesta der nede. Geir Henning var sjølv møteleiar. 30 frammøtte. Etter polskurset slutta, kom Helland og Bolstad med instrumenta.

M. A.

10.03. Lagsmøte i Fensal

Program: Wigdis Espeland kom og fortalse om sitt samlearbeid mellom uteliggjarane i Bergen. Åse Festervold song viser frå Bergensmiljøet. Mat og kaffi, leik og dans. Leiar var Magnhild Arholm. 25 frammøtte.

A. H.

24.03. Lagsmøte i Fensal

Program: Nye og gamle medlemer presenterte seg. Allsong. Formannen i laget, Magnhild Arholm, leia møtet og las "GRUK" av Piet Hein (små stubbar og dikt). Det vart delt ut premiar frå karnevalet på Sunnabu tidlegare på vinteren. Ragnar Spissøy stod for dette. Mat og kaffi, leik og dans. 36 frammøtte.

14.04. Lagsmøte i Fensal

A. H.

Program: Fana Ungdomslag si ungdomsgruppe framførte pantomimer. Kjell og Marit Krokeide + Margunn Hordnes dansa Fanaspringar med to fylgje. Lars Låte las dikt om vesten til besten eller "bestevesten". Utdeling av premiar frå Sunnaburennet. Mat, kaffi, leik og dans. Leiar: Magnhild Arholm. 34 frammøtte.

28.04. Lagsmøte i Fensal (storsalen)

A. H.

Program: Fana Folkehøgskule si dramagruppe med leiar Kåre Nyhus synte skodespelet "To akter for fem kvinner". Mat, kaffi, leik og dans. Leiar; Magnhild Arholm. 55 frammøtte.

A. H.

# Fitjar Sparebank

LAGSBRUKI TIL BONDEUNGDOMSLAGET I BERGEN L/L

Hotel HORDAHEIMEN
C. Sundtsgt. 18
Telefon 23 23 20

PARADIS KAFFESTOVE
Sandbrekkveien 1
Paradis - Telefon 27 26 66

KAFFISTOVA
Torget 1
Telefon 21 22 10

LAGSHUSET FENSAL
Kong Oscarsgt. 15
Telefon 23 21 18

ADMINISTRASJONSKONTOR
Cort Pihlsmauet 7 - Telefon 23 10 67

12.05. Lagsmøte i Fensal

Program: Ingvar Moe og Stanley Jacobsen. To ekte Sunnhordlendingar frå Etne og Auklandshamn. Ingvar Moe las dikt og Stanley Jacobsen song viser. Mat, kaffi, leik og dans. Leiar: Magnhild Arholm. 54 frammøtte.

A. H.

26.05. Lagsmøte i Fensal

Program: Bergensviser og forteljingar av Stein Johannesen og Svein Steindal. Mat, kaffi, leik og dans. Leiar Magnhild Arholm.

A. H.

15.09. Lagsmøte i Fensal

Program Anders Kåre Engevik synte ljosbilete og fortalde frå ferieturen til Frankrike, Monaco, Austerrike og Sveits. Mat, kaffi, leik og dans. Leiar: Magnhild Arholm. 24 frammøtte.

22.09. Lagsmøte i Fensal A. H.

Program: Tangokveld. Leikarringen stod for programmet, og sjølvsagt vart det dans. Ein frå danseskulen "Gunero" kom for å læra oss. Tangodansing etterpå. Leiar: Arvid Holm. 29 frammøtte.

A. H.

06.10. Lagsmøte i Fensal

Program: Marta Omvik frå Omvikedalen fortalde og synte fram sunnhordlandsbunader. Mat, kaffi, leik og dans. Leiar var Ragnhild Nesse. 23 frammøtte.

A. H.

27.10. Lagsmøte i Fensal (storsalen)

Program: Vitjing av Fana Folkehøgskule si dramagruppe v/ Kåre Nyhus. Denne gongen synte dei skodespelet "Om desse steinane tala" av Ola Jonsmoen. Mat, kaffi, leik og dans. Leiar var Magnhild Arholm. 35 frammøtte.

A. H.

12.11. Haustfest i Gimle

Det var ein gild fest med variert program. Willy Mjånes var festleiar. Prolog v/ fru Orre. Festtale v/ Victor Krüger. Pianospel og visesong. 4 medlemmer frå BUL synte skodespel av Einar Økland. Middag, kaffi leik og dans. 80 festdeltakarar.

24.11. Lagsmøte i Fensal A. H.

Program: Bjørn Bergflødt frå Havforskingsinstituttet kom og fortalde om tokter i ishavet. Det vart synt film. Mat, kaffi, leik og dans. Leiar: Magnhild Arholm. 23 frammøtte.

08.12. Julemøte i Fensal A. H.

Den tradisjonelle julegrauten. Visesong v/ Jimmy Næs. Bergensforteljing av Jan Erik Solberg. Utdeling av blomar. Leik og dans. 66 frammøtte.

A. H.

REKNESKAP FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN FOR 1977

Resultatkonto pr. 31.12.77

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Husleige | kr | 3 020,00 | | |
| Mat og drikke | kr | 1 467,32 | | |
| Musikk og underhaldning | kr | 3 720,00 | | |
| Lysingar | kr | 1 068,85 | | |
| Kontingent Hordaland U-lag | kr | 2 276,00 | | |
| Reisetilskot utsending H.U.-årsmøte | kr | 150,00 | | |
| Lagsutgifter | kr | 1 683,15 | | |
| Trykking av årsmelding | kr | 490,00 | | |
| Trykking av S.V. | kr | 107,50 | | |
| Gåver og premiar | kr | 263,00 | | |
| Div. kontingentar | kr | 340,00 | | |
| Underskot haustfest | kr | 473,00 | | |
| Kassa pr. 31.12.77 | kr | 172,58 | | |
| Bank pr. 31.12.77 | kr | 2 807,45 | | |
| Postgiro pr. 31.12.77 | kr | 495,05 | | |
| Inngongspengar | | | kr | 6 130,00 |
| Medlemspengar | | | kr | 3 010,00 |
| Loddsal | | | kr | 1 383,75 |
| Stønad Bergen Kommune | | | kr | 1 000,00 |
| Lysingar i årsmeldinga | | | kr | 800,00 |
| Renter | | | kr | 111,94 |
| Kassa pr. 01.01.77 | | | kr | 518,95 |
| Bank pr. 01.01.77 | | | kr | 4 100,61 |
| Postgiro pr. 01.01.77 | | | kr | 1 478,65 |
| | | kr 18 533,90 | kr | 18 533,90 |

Eiga pr. 31.12.77.

| | | |
|---|---|---|
| Kontantar | kr | 172,58 |
| Bankinnskot | kr | 2 807,45 |
| Postgiro | kr | 495,05 |
| Lagsfond | kr | 110,52 |
| 2 lutar i L/L Bygdehus | kr | 2 000,00 |
| Fane | kr | 1 500,00 |
| Målarstykke | kr | 500,00 |
| Varmeomn | kr | 100,00 |
| Skrivemaskin | kr | 200,00 |
| | kr | 7 885,60 |

Geir Henning Matre
kassastyrar

Bergen, 31.12.77.

Kjell Matre
Sebjørn Frøkedal
ettersynsmenn

# L/L
# Sunnhordland Kraftlag

A.s John Grieg